



# HANDLINGS- PROGRAM OG ØKONOMI- PLAN

## Kommunestyret



# Innhald

|                                                                             |           |
|-----------------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>1. INNLEIING .....</b>                                                   | <b>1</b>  |
| <b>2. DEFINISJONAR .....</b>                                                | <b>1</b>  |
| <b>3. SAMFUNNSPERSPEKTIVET .....</b>                                        | <b>2</b>  |
| 3.1 Bulyst (Bygd -og stadutvikling, kultur, idrett, organisasjonsliv) ..... | 3         |
| 3.1.1 Nosituasjon .....                                                     | 3         |
| 3.1.2 Mål og strategiar for bulyst .....                                    | 3         |
| 3.2 Livsløp .....                                                           | 4         |
| 3.2.1 Nosituasjon .....                                                     | 4         |
| 3.3.2 Mål og strategiar for Livsløp .....                                   | 4         |
| 3.3 Miljø (Kulturarv, ressurs- og miljøforvaltning) .....                   | 6         |
| 3.3.1 Nosituasjon .....                                                     | 6         |
| 3.3.3 Mål og strategiar miljø .....                                         | 6         |
| 3.4 Næringsliv (Innovasjon, utbygging, landbruk og samferdsel) .....        | 7         |
| 3.4.1 Nosituasjon .....                                                     | 7         |
| 3.3.4 Mål og strategiar næringsliv .....                                    | 8         |
| <b>4 TENESTEPERSPEKTIVET .....</b>                                          | <b>9</b>  |
| 4.1 Kultur og oppvekst .....                                                | 9         |
| 4.1.1 Barnehagane skal .....                                                | 10        |
| 4.1.2 Skulane skal .....                                                    | 10        |
| 4.1.3 Kulturskulen: .....                                                   | 11        |
| 4.1.4 Biblioteket .....                                                     | 11        |
| 4.2 Helse – og omsorgsetaten .....                                          | 12        |
| 4.2.1 Helse for barn og unge .....                                          | 12        |
| 4.2.2 Helsetilbod for vaksne .....                                          | 13        |
| 4.2.3 Omsorgstenesta for eldre .....                                        | 13        |
| 4.2.4 Psykisk helse/Tenester til vaksne .....                               | 13        |
| 4.2.5 Legetenesta .....                                                     | 14        |
| 4.2.6 Fysioterapi, ergoterapi og friskliv .....                             | 14        |
| 4.2.7 Bråtenjordet .....                                                    | 14        |
| 4.3 Teknisk etat .....                                                      | 15        |
| <b>5 INNOVASJONS- OG EFFEKTIVISERINGSPROSJEKT .....</b>                     | <b>18</b> |

|           |                                                            |           |
|-----------|------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>6</b>  | <b>MEDARBEIDARPERSPEKTIVET .....</b>                       | <b>20</b> |
| 6.1       | Forvalte og utvikle organisasjonen.....                    | 20        |
| <b>7.</b> | <b>BUDSJETT- OG ØKONOMIPLAN.....</b>                       | <b>22</b> |
| 7.1       | Føresetnader budsjett.....                                 | 22        |
| 7.1.1     | Generell informasjon - føresetnader .....                  | 22        |
| 7.1.2     | Kjøp av varer og tenester inkl. interkommunale tiltak..... | 29        |
| 7.1.3     | Inntektsauke .....                                         | 29        |
| 7.2       | Økonomiske hovudoversikter .....                           | 30        |
| 7.2.1     | Kostnader knytt til virusutbrotet.....                     | 31        |
| 7.2.2     | Budsjett pr område .....                                   | 31        |
| 7.3       | Nye satsingar og kostnadsreduserande tiltak drift .....    | 33        |
| 7.4       | Investeringar 2021 – 2024.....                             | 34        |
| <b>8.</b> | <b>GEBYR OG BETALINGSSATSAR .....</b>                      | <b>37</b> |
| 8.1       | Slam .....                                                 | 37        |
| 8.2       | Renovasjon .....                                           | 37        |
| 8.3       | Vatn og avløp.....                                         | 38        |
| 8.4       | Matrikkel .....                                            | 40        |
| 8.4       | Matrikkel - fortsetter.....                                | 41        |
| 8.5       | Plan og bygg .....                                         | 42        |
| 8.5       | Plan og bygg - fortsetter.....                             | 43        |
| 8.6       | Plan og bygg – del 2.....                                  | 44        |
| 8.7       | Feiing .....                                               | 45        |
| 8.8       | Landbrukssaker .....                                       | 45        |
| 8.9       | Brukarbetaling helse- og omsorg .....                      | 46        |
| 8.10      | Brukarbetaling Oppvekst.....                               | 48        |

## 1. INNLEIING

Handlingsprogrammet 2021-2024 har tatt utgangspunkt i satsingsområda som er skissert i kommuneplan (2019-2030), vedtatt Handlingsprogram for 2020-2023 og kommunen si årsmelding for 2019. I tillegg er det tatt omsyn til nye lokale og nasjonale føringar.

**Handlingsprogrammet er eit strategidokument** som viser kjerneverksemd, verdigrunnlag, visjon, utfordringar og strategiske mål.

**Visjon** kan definerast som ein overordna framtidig ønska tilstand/situasjon. Visjonen skal motivere til å arbeide i felles retning og vere ei rettesnor som viser kva Hemsedal kommune vil vera, eller kva posisjon kommunen vil ha.

**Hemsedal kommune sin visjon:  
«Saman te tøypp»**

**Våre verdiar er;**

- Fellesskap
- Likeverd
- Respekt
- Mot
- Realisering

## 2. DEFINISJONAR

Handlingsprogrammet beskriv strategiar og tiltak knytt til fire perspektiv:

- Samfunnsperspektivet tar for seg sektorovergripande og planlagt utvikling i kommunen.
- Tenesteperspektivet skildrar strategiane for dei tenestene og oppgåvene som kommunen utfører overfor sine innbyggjarar og besøkande.
- Medarbeidarperspektivet viser kommunen sin politiske og administrative struktur og bygger på ein grunnleggande tanke om at dei tilsette er kommuneorganisasjonen sin viktigaste ressurs.
- Økonomiperspektivet skisserer økonomiske rammer og mål som er gjeldande i økonomiplanperioden.

**Mål eller målsetting** er ein klart formulert tanke, ide eller intensjon om ein ønska framtidig tilstand eller sluttunkt eit individ eller ein organisasjon planlegg å oppnå. Mål kan gi retning til vidare arbeid og styre utviklinga mot målet. Mål er det ønska sluttresultatet, medan plan, oppgåveløysning og strategi er framgangsmåten som vert brukt for å oppnå målet.

**Resultatindikator** bør vere ein målbar, eller tallfesta skildring av måloppnåing som eit verkty for å sjå kor langt me har kome, altså indikator som fortel om resultata under vegs.

**Strategi** skildrar både kvar ein vil på lang sikt og korleis ein kjem dit. Strategi er målrealisering, det ein tenker å gjera for å oppnå måla.

**Tiltak** er ein eller fleire handlingar som skal gjere Hemsedal kommune i stand til å nå fastsette mål.

### 3. SAMFUNNSPERSPEKTIVET

Samfunnsperspektivet bygger på ei forståing av kommunen som samfunnsaktør som kan bidra til å utvikle kommunen i den retning innbyggjarane ynskjer. Samfunnsperspektivet skisserer dei strategiane som ligg til grunn for utvikling av lokalsamfunnet og som alle etatar er involverte i .

Mål og strategiar i Handlingsplanen er bygd opp kring dei 4 målområda i samfunnsdelen:

1. Bulyst (Bygd- og stadutvikling, kultur, natur, idrett, organisasjonsliv)
2. Livsløp (Oppvekst, helse og omsorg)
3. Miljø (Kulturarv, klima, ressurs- og miljøforvaltning)
4. Næringsliv (Innovasjon, utbyggingsstrategi, landbruk, samferdsel)

Målområda vert nærmare konkretisert gjennom følgjande planarbeidet endeleg stadfesta ved kommunestyret sitt vedtak av planstrategi.

| PLANGRUPPE OG TEMA                                      | VEDTEKEN/<br>UTARBEIDA | SAMORDNING |           |            | RULLERING(H) / OPPSTART(S)<br>/REVIDERING(R) |       |       |     |
|---------------------------------------------------------|------------------------|------------|-----------|------------|----------------------------------------------|-------|-------|-----|
|                                                         |                        | KLIMA      | BARN/UNGE | FOLKEHELSE | 20                                           | 21    | 22    | 23  |
| OVERORDNEDE PLANER                                      |                        |            |           |            |                                              |       |       |     |
| Kommunal planstrategi                                   | xx.xx.20               | X          | X         | X          | R                                            |       |       | R   |
| Kommuneplan Samfunnsdel 2019-2030                       | 07.05.2020             | X          | X         | X          |                                              |       |       |     |
| Kommuneplan Arealdel 2018-2030                          | 06.12.2018             | X          | X         | X          |                                              | R     |       |     |
| Handlingsdel - Økonomiplan                              | 17.12.2019             | X          | X         | X          | H                                            | H     | H     | H   |
| BEREDSKAPSLANAR                                         |                        |            |           |            |                                              |       |       |     |
| Overordna beredskapsplan                                | 16.09.2016             | X          |           |            | R                                            | R     | R     | R   |
| KOMMUNEDELPLANER - TEMA                                 |                        |            |           |            |                                              |       |       |     |
| Idrett og fysisk aktivitet 2018-2021                    | 14.12.2017             |            | X         | X          | H                                            | utgår |       |     |
| Hovedplan VA 2018-2030                                  | 25.09.2018             | X          |           |            | H                                            | H/R   | H     | H   |
| Energi- og Klimaplan 2019 – 2022                        | 19.01.2019             | X          |           |            | H                                            | H     | H     | H/R |
| Friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet                 | NY                     |            | X         | X          | S                                            | S     | H     | H   |
| Kulturminne- og kulturmiljø                             | NY                     |            |           | X          | S                                            | S     | H     | H   |
| Naturmangfald                                           | NY                     | X          | X         | X          |                                              |       | S     | S   |
| KOMMUNEDELPLANER - AREAL                                |                        |            |           |            |                                              |       |       |     |
| Markegardslia-Lykkja 2015-2027                          | 18.06.2015             | x          | X         | X          |                                              |       |       |     |
| REGULERINGSPLANAR                                       |                        |            |           |            |                                              |       |       |     |
| Detaljregulering for Trafikktryggleikstiltak (Svøvegen) | NY                     | X          | X         | X          | S                                            | S     |       |     |
| Detaljregulering for areal omkring Ulsåk skule          | NY                     | X          | X         | X          |                                              |       | S     |     |
| Detaljregulering for Nye renovasjonspunkt               | NY                     | X          |           | X          | S                                            |       |       |     |
| Detaljregulering for Trøym sentrum – bustad             | NY                     | X          | X         | X          | S                                            |       |       |     |
| Detaljregulering for Trøym bygdesentrum                 | NY                     |            |           |            |                                              | S     |       |     |
| Områderegulering for Røggjelja                          | NY                     | X          | X         | X          |                                              |       |       |     |
| Detaljregulering for F17 – Golf/ Alpin IV               | NY                     | X          |           | X          | S                                            | S     |       |     |
| FAG- OG TEMAPLANAR                                      |                        |            |           |            |                                              |       |       |     |
| Stig- og løypeplan 2015-2018                            | 09.10.2014             |            |           | X          | H                                            | utgår |       |     |
| Plan – overgang barnehage - skule 2015-2020             | 01.01.2015             |            | X         | X          | R                                            |       |       |     |
| Strategisk næringsplan 2016 - 2022                      | 18.06.2015             |            |           |            |                                              | R     | R     | H   |
| Beitebruksplan 2018-2022                                | 21.06.2018             |            |           |            | H                                            | H     | utgår |     |
| Trafikktryggleiksplan 2020-2023                         | 23.01.2020             | X          | X         | X          | H                                            | H     | H     | H/R |
| Landbruksplan                                           | NY                     |            |           |            |                                              |       | S     | H   |
| Kulturplan                                              | NY                     |            | X         | X          |                                              |       | S     | H   |
| Hovudplan for kommunale veg                             | NY                     |            |           |            | S                                            |       |       |     |
| Bustadsosial handlingsplan                              | NY                     | X          | X         | X          | S                                            |       |       |     |
| Helse-, omsorg- og sosialplan                           | NY                     |            | X         | X          | S                                            | H     | H     | H   |
| Plan for busetting av flyktningar                       | NY                     |            |           |            |                                              |       | S     |     |

## 3.1 Bulyst (Bygd -og stadutvikling, kultur, idrett, organisasjonsliv)

### 3.1.1 Nosituasjon

Hemsedal er ein av få distriktskommunar som veks. Folketalet ved utgangen av juni 2020 var 2497. Landets beste alpinanlegg er ein viktig magnet på unge vaksne. Innbyggjarane bur hovudsakleg i tettstadane Trøym, Tuv og Ulsåk. Bygda er ein attraktiv bukommune med appell spesielt mot alderssegmentet 25- 45 år. Det finns eit rikt fritidstilbod med urbane innslag av kafear og restauranttilbod. Det er få ledige bustadtomter som verkar prisdrivande. Hemsedal er også ei bygd med levande tradisjonar, variert kulturliv og mange frivillige lag og organisasjonar. Det er stor aktivitet i kommunen og nye område er under utvikling for bustadbygging, fritidsbustadar, samt næringsområde for handel, turisme og industri.

### 3.1.2 Mål og strategiar for bulyst

#### Mål 1. 3000 innbyggjarar innan 2030

##### Strategi:

- Vi skal ha varierte butilbod i alle prisklasser til alle målgrupper
- Vi skal regulere og stimulere til bustadbygging
- Vi skal ha barnehageplass til alle barn over 1 år
- Vi skal betre kollektivtilbod til alle brukargrupper
- Vi skal følgje opp buplikt som reiskap for fast busetting og tilgang på bustadar

#### Mål 2. Varierte moglegheiter for arbeid

##### Strategi:

- Vi skal ha kunnskap om målgruppa – kven er dei og kvifor flyttar dei hit og kvifor flyttar dei ut?
- Vi skal tilby «etablererpakke» med rådgjeving, oppstartshjelp og ha oversikt over ledige lokale
- Vi skal sjå «Sesongarbeidarar som ressurs» med fokus på kompetanse og heilårsarbeidsplassar
- Vi skal delta i regionalt samarbeid og følgje opp tiltak i regional plan for Hallingdal

#### Mål 3. Variert kultur- og friluftsliv

##### Strategi:

- Vi skal ha god innbyggjarinvolvering for utvikling av lokalsamfunnet (Kommune 3.0)
- Vi skal stimulere utvikling og samhandling mellom skule og frivillige organisasjonar
- Vi skal ha innbydande og attraktive sosiale møteplassar gjennom medveten estetikk og byggeskikk
- Vitale og attraktive tettstadssentrum

#### Mål 4. Attraktiv kommune for fritidsbustader

##### Strategi:

- Vi skal sjå konsekvensar og mogelegheiter «Hytte som mellombels bustad»

- Vi skal sjå på hytteeigarane som ein ressurs og dørøpnar for næringsutvikling
- Vi skal legge til rette for fiber i hyttefelt

|    | <b>Tiltak knytt til målområda «Bulyst»</b>                                                                                                     | <b>2021</b> | <b>2022</b> | <b>Resultatindikator</b>                                       |
|----|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------|-------------|----------------------------------------------------------------|
| 1  | Legge til rette for realisering av bustadfeltet Fridalen - BU7.                                                                                | x           |             | Gjennomføringsavt. SVV - ny g/s- veg                           |
| 2  | Auka attraksjonsfaktor for sentrums- og bustadutvikling Trøym                                                                                  | x           | x           | Muligheitsanalyse, avklart veg/-bruløysing                     |
| 3  | Sesongarbeidarbustad som rekkefølgekrav i plan.                                                                                                | x           | x           | Krav ved oppstartsmøte. Planer skal syne konsekvens og tiltak. |
| 4  | Alle sentrumsnære bustader og bustadtomter skal nyttast i tråd med føremål for å sikre tilgang på bustader.                                    | x           | x           | Kartlegging og stikkprøver                                     |
| 5  | «Aktive lokalsamfunn – kommune 3.0» der ansvar frå «kommunalt» til «lokalt» vert formalisert - partnerskapsavtalar                             | x           | x           | Initiere 1-2 tiltak                                            |
| 6  | «Hyttetreff» - ein møteplass for innbyggjarar og fritidseigarar. Effektar av corona- pandemi knytt til tilflytting, og bruk av fritidseigedom. | x           | x           | Etablere ein fast «møteplass»                                  |
| 9  | Utarbeid bustadsosial handlingsplan                                                                                                            | x           |             | Etablere prosjektgruppe                                        |
| 10 | Prioritering i høve framtidig bustadfelt - destinasjonsutvikling - infrastrukturinvesteringar                                                  | x           |             | Strategidokument før øk.plan 2022                              |

## 3.2 Livsløp

### 3.2.1 Nosituasjon

Hemsedal kommune har ei gunstig aldersfordeling med ein stor del unge vaksne mellom 25-45 år, men talet eldre med omsorgsbehov er aukande. Det er mangel på heildøgns omsorgsplassar, avlastnings- og dagsenterplassar. Arealet til skule og barnehage har vore under press og naudløysingar har kome på plass så ein kunne halde oppe drifta.

Turismen gir store fordelar med tanke på eit godt utbygd aktivitetstilbod, men også negative sider med auka tilgang til rusmiddel og bruk av helse- og omsorgstenester.

Det har vore ein sterk og jamn vekst av arbeidsinnvandrarar dei siste åra, og det er registrert over 40 nasjonalitetar i dag, der dei fleste er frå Polen, Sverige, Danmark og Litauen. Det er over snittet mange ungdomar som er plaga av einsemd og psykiske lidningar. Hemsedal er noko under snittresultat på nasjonale prøver for 5. trinn, medan fråfall frå vidaregåande er lågt.

### 3.3.2 Mål og strategiar for Livsløp

#### Mål 1. Inkluderande, levande og mangfaldig lokalsamfunn utan sosiale skilnader

##### Strategi:

- Alle innbyggjarar skal ha lik moglegheit til å bidra og delta i lokalsamfunnet
- Vi skal legge til rette for eit rikt kultur-, idretts- og organisasjonsliv

- Vi skal auka kunnskap og forståing mellom minoritets-/majoritetsbefolkning
- Vi skal tilby tenester som gir sosial tryggleik med rett skalering av politi og legetilbod
- Vi skal etablere fleire møteplassar for ungdom i alderssegmentet 16-20 år

## **Mål 2. Barn og unge opplever meistring, tryggleik, trivsel og framtidstru**

### **Strategi:**

- Vi skal motivere barn og unge til å utvikle kreativitet og eigne evner for framtida
- Vi skal ha betre skuleresultat enn landssnittet og god rådgjeving som sikrar at unge gjennomfører vidaregåande opplæring
- Vi skal ha temagrupper for ungdomsskuletrinnet med utfordringar
- Vi skal presentere næring og samfunn som syner at ungdomen føler seg etterspurt og verdsett
- Vi skal nytte Ungdomsrådet som aktivt høyringsorgan
- Vi skal ha eit aktivt og variert kultur-, idretts-, og fritidstilbod i samarbeid med frivillig sektor
- Vi skal vidareutvikle tilbod innan kulturskula, SFO, fritidsklubb og bibliotek

## **Mål 3. Gode rutinar og sunn livsstil med tidleg innsats gjennom heile livsløpet**

### **Strategi:**

- Vi skal ha levevanar og livsmeistring som fag på barne- og ungdomsskulen
- Vi skal styrke foreldrefunksjonen gjennom å utvikle støttande arenaer og nettverk
- Vi skal ha fokus på fysisk aktivitet og helsefremmande tiltak overfor alle innbyggjarar i samarbeid med frivillig sektor
- Vi skal legge til rette for at innbyggjarane kan ta vare på eiga helse

## **Mål 4. Framtidsretta helse- og omsorgstenester og at eldre bur heime lengre**

### **Strategi:**

- Vi skal ha helsetenester med fokus på brukarmedverknad, interkommunalt samarbeid og kvalitet
- Velferdsteknologi skal vera satsingsområde
- Vi skal ha brukartilpassa bumiljø for eldre
- Vi skal utvikle god og systematisk samhandling med frivillige gjennom frivilligsentral

|    | <b>Tiltak knytt til målområdet «Livsløp»</b>  | <b>2021</b> | <b>2022</b> | <b>Resultatindikator</b>                                                                                                                 |
|----|-----------------------------------------------|-------------|-------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. | Velferdsteknologi som løysing                 | x           | x           | Årlig gevinstdokumentasjon                                                                                                               |
| 2. | Utarbeide ein overordna helse- og omsorgsplan | x           |             | Vedteke pr 31/12                                                                                                                         |
| 3. | Ungdata - oppfølging og gjennomføring         | x           | x           | Deltaking ungdomsklubb, tirsdagstreff etc. Tema/ program psykisk helse barn/unge, skuletinget, elev- og ungdomsråd. Handlingsplan 31/12. |

|    |                                                                                                                                                                  |   |   |                                                                  |
|----|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---|---|------------------------------------------------------------------|
| 4. | Helsestasjonen, psykisk helse og oppvekst skal innføre bedre tverrfagleg innsats (BTI) som verktøy for tidleg innsats, betre samordna tenester, brukarmedverknad | x |   | Etab. Familiens hus. Etablere «tenester for vaksne»              |
| 5. | Temaplan Kultur                                                                                                                                                  |   | x | Vedtak innan 31/12                                               |
| 6. | «Flyktningar som ressurs»                                                                                                                                        | x | x | Plan som sikrar best integrering, kunnskap og ressursforvaltning |
| 7. | Utvikle felles kultur- og verdigrunnlag for Hemsedalsskulen. Prosessforankring – og gjennomføring i samarbeid med tilsette, og foreldre gjennom Skoleting.       | x |   | Politisk sak våren 2021                                          |

### 3.3 Miljø (Kulturarv, ressurs- og miljøforvaltning)

#### 3.3.1 Nosituasjon

Hemsedal er kjent for sine alpine fjell, eit levande kulturlandskap, flotte vassområde med ei av Noreg sine beste elvar for aure. Landskapsbilete styrker bygda sitt omdømme. Hemsedal står fram som ei flott landbruksbygd der kulturlandskapet speglar ryddighet i drifta. Det er lite seterdrift, og det er difor viktig å stimulere beite for å oppretthalde kulturlandskap. Hemsedal som turist- og landbruksbygd inneber utfordringar og moglegheiter. Frå Skogshorn til Høgeloft har ein vore oppteken av å skjerme for utbygging. Frå 2009 til og med 2018 har det samla CO2 utsleppet redusert med 426 tonn – ei reduksjon på 2,7%. Reduksjon vert grunngjeve med auka fokus på klima og miljø. Fleire el-bilar og meir energieffektive hus. At ikkje nedgangen er større kjem mest av auka tungtrafikk, folketalsvekst og øvrig vekst i næringsliv.

#### 3.3.3 Mål og strategiar miljø

##### Mål 1. Noregs «grønaste» fjellbygd innan 2030 i høve CO2 utslepp

###### Strategi:

- Vi skal ha 10% auke på miljøsertifiserte verksemder pr. år fram mot 2030.
- Hemsedal skal bli sertifisert som berekraftig reisemål.
- Vi skal sette krav om fornybare energikjelder ved næring, transport og utvikling
- Vi skal ha 40% samla reduksjon i klimagassutsleppa i høve 2009- tall, korrigert for innbyggjartal

##### Mål 2. Ta vare på kulturminne, naturmiljø og kulturlandskapet gjennom bruk.

###### Strategi:

- Vi skal gjere friluftsområde og kulturminne meir tilgjengeleg gjennom bevisst folkehelsearbeid.
- Vi skal auke kunnskapen om miljø hjå barn og unge, og bruke frivillige som ressurs.
- Vi vil kartlegge verdifulle naturområde og ta vare på desse

### Mål 3. Langsiktige og heilskaplege arealbruks- og utbyggingsplanar

#### Strategi:

- Vi skal skjerme samanhengande natur- og landbruksområde på nordsida av dalen frå foten av Skogshorn til og med Høgeloft.
- Vi skal fortette og samle utbygging basert på kunnskap og heilskapleg arealplanlegging.
- Vi skal oppretthalde verdien av viktige jordbruks-, støls og beiteområde med vekt på dyrka mark, biologisk mangfald og landskap.

### Mål 4. Berekraftig klima- og energipolitikk.

#### Strategi:

- Vi skal omsette nasjonale mål til praktisk handling lokalt, knytt til klimagass- og energiforbruk.
- Vi skal stimulere til mindre energibruk pr. person og meir bruk av fornybar energi, utan at dette vert ein kostnad for miljøet omkring.
- Vi skal vera ein føregangskommune innan kommunal forvaltning.

|    | Tiltak knytt til målområdet «Miljø»                                                                                                                                                                  | 2021 | 2022 | Resultatindikator                                              |
|----|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|----------------------------------------------------------------|
| 1. | Kartlegge viktige kultur-/natur miljø og bukvalitetar som er viktig å ta omsyn til for framtidige areal- og utbyggingsplanar mellom anna ved bruk av innbyggjarundersøking og fysiske registreringar | x    |      | Fagrappport innan 31/12                                        |
| 2. | Bruke «Klimarådet» aktivt som verktøy for oppfølging av energi- og klimaplan, og forvaltningsplan for vassforvaltning.                                                                               | x    | x    | God medverknad med næring, og lag organisasjon                 |
| 3. | Energieffektivisering av kommunale bygg knytt til skule- og helseutbygging samt avklare roller i høve El-bil ladepunkt                                                                               | x    | x    | Gjennomføre investeringstiltak                                 |
| 4. | Bidra til sertifisering av Hemsedal som «Berekraftig reisemål»                                                                                                                                       | x    |      | Implementere kommunen sin «samfunnsdel» i arbeidet             |
| 5. | Ferdigstille kommunedelplan for «Friluftsliv, idrett og anlegg»                                                                                                                                      | x    | x    | God medverknad og vedtak 31/12                                 |
| 6. | Identifisere tiltak innan samferdsel og kollektivtrafikk som betrer klimagassutslipp                                                                                                                 | x    | x    | Strategi for El-bil. «Prosjekt» ladepunkt for kollektivtrafikk |

## 3.4 Næringsliv (Innovasjon, utbygging, landbruk og samferdsel)

### 3.4.1 Nosituasjon

Hemsedal er ein av dei største reiselivskommunane i Noreg med landets nest største alpinanlegg. Hemsedal skisenter er den største private verksemda i omsetnad og sysselsetting. Dei største næringane er bygg og anlegg, varehandel og overnatting som i all hovudsak er turistrelatert. Det tradisjonelle landbruket sysselset stadig færre arbeidstakarar, og avskaling fører mellom anna med seg dårlegare gjerdehald og fleire arealbrukskonfliktar. Skrantesjuka (CWD) har ramma villreinen med saltsteinforbod som påverkar beiteadferd hjå sau negativt. Sysselsette innan landbruk driv ofte med attåttnæringar grensa opp mot reiselivet. Store sesongvariasjonar innan reiselivet gjer at

ein har underdekning på heilårsarbeidsplassar. Hemsedal har om lag 190 fleire pendlarar som reiser ut av kommunen enn inn. Utviklingspotensiale i Hemsedal er bra med høg byggeaktivitet, attraktive bukvalitetar, vekst i turistnæringa og god infrastruktur. Tal på nyetableringar er høg i høve til tal på innbyggjarar. Det er knappheit på ferdig regulerte næringstomter og næringslokale.

### 3.3.4 Mål og strategiar næringsliv

#### Mål 1. Heilårleg berekraftig reiselivsutvikling

##### Strategi.

- Vi skal legge til rette for sykkel- og aktivitetstilbod som støtter opp under kjerneverksemd og destinasjon
- Vi skal stimulere til trinnvis utvikling av Røggjelia for å sikre høg grad av lokal verdiskaping
- Vi skal støtte opp under Hemsedal Turisttrafikklag som eit samlande verkty for reiselivsutvikling
- Vi skal bidra til kompetanseutvikling og fellesgodefinansiering av infrastruktur
- Vi skal stimulere til ei vidareutvikling av vinterbasert reiseliv og styrke det sommarbaserte

#### Mål 2. 200 nye arbeidsplassar basert på eit variert og berekraftig næringsliv

##### Strategi:

- Vi skal stimulere til knoppskyting frå etablert næringsliv som grunnlag for heilårsarbeidsplassar
- Vi skal stimulere «grøn næringsutvikling» og etablering av kunnskapsbaserte verksemdar
- Vi skal kartlegge og stimulere til etablering av næringsareal/- lokale, og lokale for produksjon
- Vi skal samle ressursane kring fyrtårn
- Vi skal stimulere til fibertilbod for alle
- Vi skal nytte RV52 sitt potensial som marknadskanal
- Vi skal etablere base for tre nasjonalt leiande varemerker med verksemd i Hemsedal

#### Mål 3. Kreativt og innovativt entreprenørskap

##### Strategi:

- Vi skal stimulere «veksthus for næring» som synergi for reiseliv, kultur, mat og idrett
- Vi skal etablere «Møteplassar» for ungdom og næring med ressurspersonar
- Vi skal stimulere ungt entreprenørskap i skulen, samt tilrettelegging for lærlingplassar
- Vi skal stimulere interkommunal etableringsretteleing og næringsforum
- Vi skal stimulere til høgskuletilbod basert på næringa sine behov

#### Mål 4. Miljøvennleg infrastruktur og kollektivtilbod

##### Strategi:

- Vi skal legge til rette for sykkel og mjuke trafikkantar ved utbygging
- Vi skal jobbe for kvalitet i staden for kvantitet
- Vi skal jobbe for samanhengande kommunikasjon buss/tog mellom storbyregion Oslo/Bergen og Hemsedal
- Vi skal jobbe for å få RV52 utanfor tettstadane
- Vi skal stimulere for brukartilpassa og miljøvennleg kollektivtilbod
- Vi skal legge til rette for ladestasjonar for elbil og tankstasjon for hydrogen

#### Mål 5. Eit landbruk bygd på framtidstru og miljø

##### Strategi:

- Vi skal oppretthalde og styrke den landbruksmessige produksjon
- Vi skal stimulere til god samhandling mellom landbruk og turisme
- Vi skal stimulere til eit miljøvennleg landbruk med lokal foredling og produksjon
- Vi skal stimulere til aktiv stølsbruk og kulturlandskapspleie
- Vi skal stimulere til Fornybar energi basert på landbruket sitt råstoff og avfall som biogassanlegg
- Vi skal stimulere til auka bruk av «Skogen» som ressurs - frå plast til trevirke
- Vi skal ha nullvisjon for tap av matjord

|    | <b>Tiltak knytt til målområdet «Næringsliv»</b>                                                                                         | <b>2021</b> | <b>2022</b> | <b>Resultatindikator</b>                                      |
|----|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------|-------------|---------------------------------------------------------------|
| 1. | Bidra til auke i næringsareal, og om nødvendig regulere                                                                                 | x           | x           | Tall næringsareal gjort tilgjengeleg for marknaden            |
| 2. | Saman med regionale aktørar, utvikle og teste ut verktøy til fremje for innovasjon og entreprenørskap. (Strategisk plan for Hallingdal) | x           | x           | Formalisere regionalt næringsarbeid                           |
| 3. | Rullering av Strategisk næringsplan                                                                                                     | (x)         | x           | Utarbeide «planprogram» - organisering og gjennomføring       |
| 4. | Vidareføre utbyggingsavtala med Hemsedal Infrastrukturselskap (HIAS) - som modell for berekraftig destinasjonsutvikling                 | x           |             | Reforhandle avtala i høve investeringsnivå/- og gjennomføring |
| 5  | Omsette strategi for el-bil/ kollektivtrafikk til gjennomføring. Ladepunkt – kollektivtrafikk – avklare finansering                     |             | x           | Innarbeida tiltak frå øk-plan 2022                            |

## 4 TENESTEPERSPEKTIVET

Tenesteperspektivet beskriv dei daglege oppgåvene og tenestene som kommunen utfører for kommunen sine innbyggjarar og besøkande. Hemsedal kommune ønsker at innbyggjarane skal få tenester med god kvalitet når dei treng det. I tillegg arbeider vi for ei forvaltning som er effektiv, brukarorientert og serviceinnstilt.

### 4.1 Kultur og oppvekst

#### Status og utfordringar:

Talet på elevar med behov for spesialundervisning aukar, noko som er utfordrande for ressurs situasjonen og arealet. Det krevast fleire grupperom for spesialundervisning i grupper og for enkeltelevar. Vi må snarast få tilgang til og innarbeide bruk av Ipad på 1.-4. trinn, så vi ikkje vert så sårbare om eitt eller fleire trinn må ha heimeundervisning. Det er også eit krav om kjennskap og bruka av digitale verkty i fagplanar. Ny fagplan for skulen er innført og skal takast i bruk denne hausten. Det legg beslag på det meste av utviklingstida. Eksternt ressursteam «Veilederkorpset» bistår med innføring av nye fagplanar, samt aktiv deltaking med tema innan 1). Tre skular skal bli til ein 2). Elevresultat og 3). Kvalitetssystem.

Det er mange familiar i skule og barnehage med fleirspråkleg bakgrunn og familiar med låg inntekt. Dette er ei sårbar gruppe som barnehage og skule skal ta omsyn til i høve tidleg innsats og oppfølging.

HBU har teke imot eit stort kull denne hausten. Neste haust skal 34 elevar over på HBU. 24 elvar på tiande trinn går ut. Maksimalt tal elevar på HBU neste skuleår og tre år framover vert utfordrande i kombinasjon med skuleutbygging. Dette sett krav til organisering av skuleåret 2021-2022, ikkje minst i høve mogeleg elevauke ved skulen.

### Hovudmål

- Mobbefritt oppvekstmiljø
- Barnehageplass og SFO til alle som treng det
- Nok areal til å gi gode tenester
- Barnehage og skule/SFO som er ein trygg og god plass for utvikling gjennom leik og læring
- Eit velfungerande skule- og folkebibliotek med møteplass og arena for kultur- og kunnskapsformidling der ein også legg til rette for studiar
- Ein aktiv fritidsklubb i mobbefritt miljø der ungdomane skal utvikle gode vennskap
- Variert tilbod ved kulturskulen for alle som ynskjer det med kvalifisert personale
- Godt tverretatleg samarbeid til beste for barn og ungdom

### Strategiar

Hemsedal kommune vil i fireårsperioden prioritere følgande strategiar innanfor desse tenestekområda:

#### 4.1.1 Barnehagane skal

- Bidra til at kvart enkelt barn skal kunne utvikle seg i høve til sitt potensiale
- Sikre alle barn eit godt psykososialt læringsmiljø
- Sikre at barna blir kjende med lokalhistorie- og tradisjonar, levemåtar og familieformar.

|    | Beskriving av tiltak                                                                                                                                                                       | 2021 | 2022 | Resultatindikator                                                                           |
|----|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|---------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. | Vidareutvikle og evaluere utviklingsarbeidet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», og ta i bruk «Betre tverrfagleg innsats» (BTI).                                                      | x    |      | Foredle/- dele kunnskap på personalmøter. Digitalisere BTI                                  |
| 2. | Aktivitetsplikt ved ny lov om mobbing – tilsette som rettleiar og støttar barn.                                                                                                            | x    | x    | Barnesamtaler<br>Observasjonar<br>Samtaler med føresette                                    |
| 3. | Utarbeide og setje i verk dialektfremmande tiltak og synleggjere dei ulike kulturane som fins i barnehagen.<br><br>Markere samane sin dag.<br><br>Lære om identitet og ulike familieformer | x    | x    | Flagg frå ulike kulturar er synlege. Bøker på nynorsk ligg framme.<br>Månadens dialekt-ord. |

#### 4.1.2 Skulane skal

- Medverke til at alle unge gjennomfører eit 13-årig utdanningsløp
- Bidra til at kvar enkelt elev skal utvikle seg i høve sitt potensiale

- Arbeide vidare med Inkluderande barnehage og skulemiljø og nytte kompetansen skuleringa «Innsatsteam mot mobbing» har gjeve oss. Ta i bruk BTI som verktøy.

|    | Beskriving av tiltak                                                                                           | 2021 | 2022 | Resultatindikator                                                                                 |
|----|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|---------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. | Vidareføre arbeid med pedagogisk og administrativ samanslåing av skulane saman med Veilederkorpset.            |      | x    | Fastsatt ny organisasjonsstruktur med rutinar til opning av ny skule.                             |
| 2. | Læringsmiljø - felles satsing på alle tre skulane med Veilederkorpset.                                         | x    | x    | Rutinebeskriving for læringsmiljø. Resultatforbetring elevundersøking.                            |
| 3. | Vidareføre samarbeidet mellom vidaregåande, ungdomsskule, PPT og skulefagleg ansvarlege og sikre god overgang. | x    | x    | Felles kurs skule, VG og PPT. Regionen initierer møte med områdedirektøren i Viken fylkeskommune. |
| 4. | Fremje dialektbruk, språk og lesing.                                                                           | x    | x    | Evaluerer 1. utgåve av «Språk- og leseplan». Dialekt synleg i emneplan.                           |
| 5  | Styrke elevane sin digitale kunnskap jf. resultat på nasjonale prøver 5. trinn og ny læreplan                  | x    | x    | Resultatforbetring målt på nasjonale prøver                                                       |
| 6  | Digitalisere og ta i bruk «Betre tverrfagleg innsats» (BTI)                                                    | x    |      | Innføring for tilsette innan 1/7                                                                  |

#### 4.1.3 Kulturskulen:

- Tilpasse arealet etter aukande elevgrunnlag til øvingsrom

|    | Beskriving av tiltak                                                                                   | 2021 | 2022 | Resultatindikator          |
|----|--------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|----------------------------|
| 1. | Variert kulturskuletilbod                                                                              | x    |      | Minst eitt tilbod for alle |
| 2. | Utvikle materialrom til kulturskulen                                                                   | x    |      | Innan 1/6                  |
| 3. | Større breidde i kulturskuletilbodet som famnar både alder og kjønn spesielt med tanke på tekniske fag | x    | x    | Evaluerer av fagtilbod     |

#### 4.1.4 Biblioteket

- Biblioteket skal tilby tradisjonelle og framtidsretta bibliotektenester ved å vera ein møteplass, ein studiestad og ein arena for kultur- og kunnskapsformidling.

|    | Beskriving av tiltak                                                                               | 2021 | 2022 | Resultatindikator     |
|----|----------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|-----------------------|
| 1. | Plan for ominnreiing. Gjere lokala betre eigna for yngre og fleire elevar knytt til den nye skulen | x    |      | Ferdig innan 1/8.     |
| 2. | Plan for bibliotektenestene – framtidsretta tenester                                               | x    | x    | Ferdig innan 1/8 2022 |

## 4.2 Helse – og omsorgsetaten

### Status og utfordringar - lokale:

Det er store utfordringar når det gjeld lokale til både brukarar og tilsette. I forbindelse med koronapandemien er det iverksette tiltak som bedrar situasjonen hos enkelte avdelingar. Helsestasjonen tek over kontora til fysioterapeutane og får med det nok kontorar, også når Familiens hus er på plass. Det vert leigd lokale til fysioterapeutane i Banken, samt eit behandlingsrom i kjellaren på Bygdaheimen. Ergo og Friskliv er lokalisert i kjellaren på Bygdaheimen. Kommunen treng heildøgns omsorgsplassar for eldre. Fram til «nye» Bråtenjordet er etablert så manglar vi ei bueining på Bråtenjordet. Lokala til psykisk helse tilfredsstiller ikkje krav til anonymitet, og universell utforming.

### Tenesteyting:

Fleire personar med samansette lidningar, fleire demente og fleire med psykiske lidningar vil føre til høgare krav til kompetanse og tal på personar i tenesta. Det er behov for meir førebyggjande tverrfagleg innsats. Fleire lovpålagte oppgåver tilfall kommunen. Ved å opprette eit Familiens Hus samt samle tenester til vaksne vil ein betre koordinering av tenester og unngå overlappende tenester.

Kartlegging av kompetanse og behov hos målgruppa 18 år + vert gjort i samarbeid med regionen for å sjå på interkommunale kurstilbod.

### Personell:

Det er til tider vanskeleg å rekruttere enkelte faggrupper i Hallingdal. Hemsedal er ein populær stad å bu, så vi rekrutterer ein del fagpersonar utanfrå Hallingdal. Det blir stadig fleire brukarar med utfordrande åtferd som inneber tiltak for at bebuarane og personalet kan kjenne seg trygge.

### Hovudmål

- Sikre at dei som bur og oppheld seg i kommunen får tilstrekkeleg hjelp og støtte ved sjukdom, skade og funksjonsnedsetting
- Arbeide for at behovet for helseteneste vert redusert ved førebyggjande innsats

### Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste fireårsperioden prioritere følgjande strategiar innanfor desse tenesteytningane:

#### 4.2.1 Helse for barn og unge

- Dei kommunale helsetenestene til barn og ungdom skal vidareutviklas, i tråd med nasjonale føringer, og i samarbeid med andre kommuner og spesialisthelsetenesta.

|    | Beskriving av tiltak                                                                                                          | 2021 | 2022 | Resultatindikator                          |
|----|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|--------------------------------------------|
| 1. | Opprette Familiens hus, forebyggende enhet for barn og unge 0-18 år                                                           | x    |      | Organisasjon og adm. med rutinar innan 1/3 |
| 2. | Styrke kompetanse og samhandling saman med oppvekst ved å ta i bruk BTI- «betre tverrfaglig innsats»                          | x    | x    | Plan for innføring 1/6- 21                 |
| 3. | Betre samordna behandlingstilbod til barn og unge med lette til moderate psykiske vanskar (Jf. prioriteringsveileder til BUP) | x    | x    | Behandlingstilbod 1/6-21                   |

|    |                                                                                                                         |   |   |                                                                           |
|----|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---|---|---------------------------------------------------------------------------|
| 4. | Innføre tilbakemeldingssystem (FIT) i Familiens hus og i tenester til vaksne, idetifisere at brukar mottok rett teneste | x | x | Nyttas på alle nye vaksne brukarar i 2021 og i Familiens hus frå 1/8-2021 |
|----|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---|---|---------------------------------------------------------------------------|

#### 4.2.2 Helsetilbod for vaksne

- Dei kommunale, lågterskel tilboda til vaksne skal vidareutviklast, i tråd med nasjonale føringar, og i samarbeid med Hallinghelse. «Leve hele livet» (Meld.St.15) er ein kvalitetsreform for eldre, som skal gjennomførast i perioda 2019-2023 i alle kommunar. Reforma har fem innsatsområder; 1. Eit aldersvenleg Norge 2. Aktivitet og fellesskap 3. Mat og måltider 4. Helsehjelp og 5. samanheng i tenester.
- Det er nedsett ei arbeidsgruppe som ser på kompetanse vedr lågterskelstilbod til vaksne i Hallingdal.

|    | Beskriving av tiltak                                                                                                                  | 2021 | 2022 | Resultatindikator                          |
|----|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|--------------------------------------------|
| 1. | Utvikle «Tenestar til vaksne» i Hemsedal, koordinering av tenester til vaksne innanfor friskliv, psykisk helse og Frivilligsentralen. | x    |      | Organisasjon og adm. med rutinar innan 1/3 |
| 2. | Starte opp med helse/- meistringsrelaterte lågterskelskurs i Hallingdal.                                                              | x    |      | Kursplan 31/12                             |

#### 4.2.3 Omsorgstenesta for eldre

Omfattar fysiske og psykiske tenester til heimebuande og til dei som bur på institusjon

- Alle som oppheld seg i kommunen får naudsynte, forsvarlege og gode helsetenester
- Bidra til at innbyggjarar i kommunen kan bu i eigen bustad så lenge det er forsvarleg og hensiktsmessig
- Bruke heimebaserte tenester som basistilbodet i omsorgstenestene

|    | Beskriving av tiltak                                                                      | 2021 | 2022 | Resultatindikator                |
|----|-------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|----------------------------------|
| 1. | Innføre velferdsteknologi ut frå brukarbehova                                             | x    | x    | Årlig gevinstrealiseringsrapport |
| 2. | Opprette dagsenter for heimeboende demente, lovpålagt                                     | x    | x    | Etablert innan 1/5 2021          |
| 3. | Ta i bruk tverrfaglig intervensjonsmodell (kartlegging) ved utfordrande åtferd ved demens | x    |      | Rapport 31/12-2021               |

#### 4.2.4 Psykisk helse/Tenester til vaksne

- Tilstrekkelig kompetanse og kapasitet på psykisk helse innan helse- og omsorgstenesta, samt jobbe for ambulante sjukehusenester
- Styrke interkommunalt samarbeid på psykisk helse og rusomsorg i Hallingdal
- Utvikle kommunalt psykososialt kriseteam med høg tverrfagleg kompetanse og kontinuitet

|    | Beskriving av tiltak                                                                         | 2021 | 2022 | Resultatindikator                                   |
|----|----------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|-----------------------------------------------------|
| 1. | Innføring av FACT (ambulante team) i samarbeide med Vestre Viken. Ein samarbeidsmodell for å | x    |      | Oprtettelse av faste møtepunkt og jevnlig samarbeid |

|    |                                                                                       |   |   |                                 |
|----|---------------------------------------------------------------------------------------|---|---|---------------------------------|
|    | stabilisere og behandle alvorlege, samansette og langvarige lidingar                  |   |   |                                 |
| 2. | Styrke arbeidet for pårørende og familiar med levekårs,- og psykisk helseutfordringar | x | x | Handlingsplan/ årshjul 1/3-2021 |

#### 4.2.5 Legetenesta

- Koordinere tenestetilbodet i heile helse- og omsorgstenesta, både i høve førebygging, behandling og rehabilitering

|    | Beskriving av tiltak                                     | 2021 | 2022 | Resultatindikator |
|----|----------------------------------------------------------|------|------|-------------------|
| 1. | Alle medarbeidarar må gjennomgå akuttmedisinske kurs     | x    |      | Kompetanseplan    |
| 2. | Bytte journalsystem i samarbeid med kommunane Hallingdal |      | x    | Rapport 31/12     |

#### 4.2.6 Fysioterapi, ergoterapi og friskliv

- Tilpasse ressurstilgang og nivå på tenestene til brukarane sine behov. Bidra til at brukarane får høve til å ta vare på eiga helse og meistre
- Den kommunale fysioterapitenesta består av førebyggjande verksemd og av behandling, habilitering og rehabilitering i og utanfor institusjon
- Frisklivssentralen bidreg til redusert sjukdomsbyrde og samanhengande helsetenester, og er ein del av folkehelsearbeid. Bidreg til å fremje helse og førebyggje sjukdom ved å gi tidlig hjelp til å endre levevaner og meistre helseutfordringa
- Ergoterapitenesta sørger for aktiv deltaking, likeverd og inkludering gjennom å tilby personar heilskaplege hjelpemiddeltilbod

|    | Beskriving av tiltak                                                                                                                       | 2021 | 2022 | Resultatindikator                |
|----|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|----------------------------------|
| 1. | Styrke og utvikle eit funksjonelt hjelpemiddelokale i tilknytning til Bygdaheimen – sett i system.                                         | x    | x    | Rapport 31/12                    |
| 2. | Forsvarlig utlån, bruk og vedlikehald av elektrisk hjelpemiddel                                                                            | x    |      | Plan for vedlikehald innan 1/3   |
| 3. | Tilpasse ressursar for utgreiing og tilrettelegging slik at heimebuande kan bu lengre i eigen bustad og blir meir sjølvstendig i kvardagen | x    | x    | Rapport på inntjening ergo 31/12 |

#### 4.2.7 Bråtenjordet

- Tilby bustad og tenester til alle med behov for samansette miljøterapitenester. Samle tenestene i attraktive bufellesskap for å ivareta tryggleik og sosiale behov hjå brukarane

|    | Beskriving av tiltak                                                     | 2021 | 2022 | Resultatindikator            |
|----|--------------------------------------------------------------------------|------|------|------------------------------|
| 1. | Bygge bustadar til personar med samansette behov                         | x    | x    | Bustadsosial handlingsplan   |
| 2. | Planlegge og sette i verk dagtilbod til brukarar som går på vidaregåande | x    |      | Handlingsplan innan 1/6-2021 |

#### 4.2.8 Koordinerende eining/stab (KE)

- Auke samhandlinga innan habilitering og rehabilitering for menneske i alle aldrar
- Vidareutvikle dagaktivitetstilbod og sysselsetting for personar med utviklingshemming og andre brukargrupper i samarbeid med aktuelle instansar
- Koordinere tidleg innsats for barn og unge med funksjonsnedsetting
- Vera ein sentral aktør i kommunen sitt regionale og lokale lærings- og meistringsarbeid

|    | Beskriving av tiltak                                                                                   | 2021 | 2022 | Resultatindikator      |
|----|--------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|------------------------|
| 1. | Vidareutvikle aktivitetstilbodet for personar med utviklingshemming                                    | x    | x    | Rapport 31/12-2021     |
| 2. | Betre samhandling omkring avlastningstilbod, kompetanse, bemanning og lokaliteter for åtferdsvanskar   | x    |      | Rapport 31/12          |
| 3. | Innarbeide «Inn på tunet» til personar med demens i tenestetilbod i kommunen i høve prosjektfinsiering | x    |      | Rapport 31/12          |
| 4. | Samordne og vidareutvikle aktivitetstilboda saman med frivilligheten, sjå tenester til vaksne          | x    | x    | Handlingsplan 1/3 2020 |

#### 4.2.7 Integreringstenesta

Arbeide for å få fleire i arbeid og aktivitet

|    | Beskriving av tiltak                                                                                                        | 2021 | 2022 | Resultatindikator             |
|----|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|-------------------------------|
| 1. | Lage ein plan for korleis vi skal integrere flyktningane og få dei ut i arbeid eller som annen bidragsytar i lokalsamfunnet |      | x    | Innan 31/12                   |
| 2. | Betre samhandling med læringssenteret ved å ha større fokus på arbeid tidleg i programmet. Evaluere fortløpande             | x    |      | Identifisere tiltak innan 1/7 |
| 3. | Kartlegge moglege språk- og arbeidstreningsplassar i kommunen.                                                              | x    |      | Innan 1/7                     |

#### 4.3 Teknisk etat

Teknisk etat omfattar mange ulike fagfelt, som samla har ansvar for samfunns- og arealplanlegging, investering- og drift av kommunal infrastruktur, tilrettelegging for bustad- og næringsutvikling, samt ei rekkje forvaltningsoppgåver knytt til nemnde fagområde.

##### Status og utfordringar:

- Balansere etaten sitt forvaltnings- og tenestetilbod i høve nasjonale og lokale forventningar med eigenkompetanse og ressursar i ei tid med auka innbyggjartal og kundekontakt.
- Halde på, rekruttere og vidareutvikle eit godt fagmiljø innan etaten sine kjerneområde.
- Følgje opp kommunale investeringsplanar frå prosjektering, til gjennomføring når det gjeld bemanning og ressurstilgang.
- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid innan etaten sine fagområde som ledd i å betre service, halde på og vidareutvikle kompetanse.

Auke i innbyggjartal, bustader, hytter og næringsbygg, og ikkje minst planer for vidare utvikling, set krav til auka ressursar, men og innovative måtar å drive forvaltning på. Ressurskrevjande grunnervervsprosessar saman med etterslep på forvaltningsoppgåver (investering/drift, kontroll/tilsyn og eigedomsforvaltning), er krevjande – etaten klarer ikkje å følgje opp alle

forvaltningsoppgåvene som vert forventa. Etaten har høg kompetanse, men mykje av kompetansen er konkurranseutsett. Det er difor viktig å utvikle organisasjonen på ein måte som skapar trivsel og sterke kompetansenettverk.

#### Hovudmål:

Omsette overordna mål for samfunnsutvikling til praktisk handling og gjennomføring innfor tilgang på administrative ressursar.

#### Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste to-årsperioden prioritere følgande strategiar og tiltak innanfor desse tenesteområda:

##### 4.3.1 Eigedom

- Årleg rullering og oppfølging av «Plan for vedlikehald og investering av eigedomsmasse» - som er ei statusoversikt med tiltak over kommunen sin totale eigedomsmasse til ein estimert anskaffingsverdi på rundt kr. 800 mill.

|    | Beskriving av tiltak                                                                                                                | 2021 | 2022 | Resultatindikator                               |
|----|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|-------------------------------------------------|
| 1. | Gjennomføre investering og drift i tråd med «plan for vedlikehald, investering og drift». Deldokument til handlings og økonomiplan. | x    | x    | Redusert energiforbruk, rapport effektivisering |
| 2. | Prosjektkoordinering – gjennomføring av prioritert skule- og helseutbyggingar                                                       | x    | x    | Halde framdriftsplan og økonomisk ramme         |
| 3. | Gjennom naudsynte grunnnerverv-prosessar sikre areal til bustadbygging, helse- og skuleutbyggingar                                  | x    |      | Framforhandla avtaler                           |
| 4. | Ferdigstille reguleringsplan for Strupa – gjennomføre sal av Båstø                                                                  | x    |      | Konsesjonshandsaming for sal                    |

##### 4.3.2 Renovasjon, vatn- og avlaup

- Følg opp vedtekne kommunedelplanar for vassforsyning og avlaupsnett i høve mål og tiltak. Ta i bruk ny teknologi for å effektivisere drift og vedlikehald av VA. Følg opp vedteken avfallsplan for Hallingdal Renovasjon

|    | Beskriving av tiltak                                                                                                               | 2021 | 2022 | Resultatindikator |
|----|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|-------------------|
| 1. | Gjennomføre vedlikehald, drift og investering i kommunale VA-anlegg i samsvar med hovudplan for vatn og avlaup 2018-2030           | x    | x    | Rapport 31/12     |
| 2. | Ny driftskontroll for kommunale VA-anlegg – SD-anlegg med nytt FDV- og rapporteringssystem.                                        | x    | x    | Rapport 31/12     |
| 3. | Starte arbeidet med nytt vannbehandlingsanlegg på Krikken                                                                          | x    | x    | Rapport 31/12     |
| 4. | Bygge nye overføringsledningar for vatn og avløp mellom Holdebakken og Tuv                                                         | x    | x    | Rapport 31/12     |
| 5. | Utviding av Holdebakken høgdebasseng – for å kunne levere nok vatn, samt erstatning av vassleidning mellom Rådyrlia og Holdebakken | x    |      | Rapport 31/12     |
| 7. | Etablere nytt vassverk på Krikken og ny pumpestasjon på Elvely                                                                     | x    |      | Rapport 31/12     |

##### 4.3.3 Kommunale vegar

- Følg opp vedteken hovudplan for veg 2020-2027 i høve mål og tiltak.

|    | Beskriving av tiltak                                                                                      | 2021 | 2022 | Resultatindikator                            |
|----|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|----------------------------------------------|
| 1. | Gjennomføre vedlikehold, drift og investering i kommunale vegar i samsvar med hovudplan for veg 2020-2027 | x    | x    | Rapport 31/12                                |
| 2. | Trafikkavbøtande tiltak                                                                                   | x    |      | Sikkert køyremønster<br>Ulsåk Oppvekstsenter |

#### 4.3.4 Matrikkel-, plan og byggjesak

- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid i Hallingdal
- Etablere, og rullere strategi for tilsyn 2020-2021
- Rullerande planstrategi - Sikre samanheng mellom politisk forventningar og realistiske mål
- Stimulere tverrfagleg samarbeid i planprosess for å sikre ønska og føreseieleg føreseigner

|    | Beskriving av tiltak                                                                                                                | 2021 | 2022 | Resultatindikator                   |
|----|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|-------------------------------------|
| 1. | Basert på revidert tilsynsstrategi, auke tall tilsyn (stikkprøver) med fokus på avfallshandtering i byggesak og ulovleg byggearbeid | x    | x    | Rapport 31/12                       |
| 2. | «Interkommunalt VA-kontor» - oppdatert forvaltningsplan for VA                                                                      | x    | x    | Vedtatt ny forvaltningsplan         |
| 3. | «Prosjekt senger i næring» - avklare juridisk grunnlag for oppfølging                                                               |      | x    | I samarbeid med KS– juridisk gr.lag |
| 4. | Gjennomføre planar i tråd med vedteke planstrategi                                                                                  | x    | x    | Rapport 31/12                       |
|    |                                                                                                                                     |      |      |                                     |

#### 4.3.5 Landbruk, miljø og næring

- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid i Hallingdal
- Følgje opp tiltak i næringsplan og Energi- og klimaplan

|    | Beskriving av tiltak                                                                                                       | 2021 | 2022 | Resultatindikator                                 |
|----|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|---------------------------------------------------|
| 1. | Prosjekt «attraktivt sentrum» - driftsmodell som fjernar eigarlausl søppel, avklarar ønskja infrastruktur med grøntanlegg. | x    |      | Vedtatt org.modell – avtale på plass              |
| 2. | Corona – statleg tiltakspakke for næringslivet                                                                             | x    |      | Rettleiing                                        |
| 3. | Auke tilsyn og kontroll i høve til driveplikt på jordbruksareal                                                            | x    |      | Årleg 100 dekar auke i aktiv drift                |
| 4. | Oppretthalde talet på miljøfyrtårnverksemdar, og stimulere til minst fire nye «Miljøfyrtårnverksemdar» i året              | x    | x    | Tal nye sertifikat                                |
| 5. | Nye renovasjonspunkt i tråd med ny avfallsplan                                                                             | x    | x    | Vedteke reguleringsplan, og nye grunneigaravtalar |



## 5 INNOVASJONS- OG EFFEKTIVISERINGSPROSJEKT

Hemsedal kommune driv fleire prosessar for å effektivisere drifta. Kommunedirektøren ønskjer spesielt å trekke fram to tiltak.

### Velferdsteknologiprojekt

Velferdsteknologi nyttast til innbyggjarar i alle alder, tilpassa brukernes behov. Med samhandlingsreforma, og kommande eldrebølge får kommunen meir ansvar for å levere tenester til fleire brukarar med samansette behov. Prognosar innan helse- og omsorg er at rekrutteringa til yrke ikkje held tritt med etterspurnaden etter «varme hender». Brukarane sjølv ønskjer å bu heime så lenge som mogeleg, og vere sjølvhjelpne. Etter kvart er det venta at velferdsteknologi også vert nytta i oppvekst, for at barn/ungdom med spesielle behov kan få meir retta undervisning. Innføring og bruk av velferdsteknologi er eit nasjonalt satsingsområde som ledd i å møte desse utfordringane. Målet med velferdsteknologi er å skape ein tryggare og enklare kvardag for både brukarar, pårørande og omsorgspersonell. For meir info, sjå [www.ehelse.no/](http://www.ehelse.no/). Innføring av velferdsteknologi sett krav til organisasjonsutviklingsprosesser og kompetanseløft i heile organisasjonen. Kommunane i Hallingdal har sett verdien av å stå saman om å implementere velferdsteknologi sidan behova er felles. Mange av løysningane er avhengig av IKT-løysningar, og felles IKT- infrastruktur i Hallingdal gir synergjar. I Hallingdal har ein spesielt hatt fokus på desse 6 tiltaksområda.


1. Varslings- og lokaliseringsteknologi
2. Elektronisk medisineringsstøtte
3. Elektroniske dørløser
4. Digitalt tilsyn
5. Oppgraderte sykesignalanlegg/ pasientvarslingssystem
6. Logistikk-løysning for meir optimale køyreruter og betre kvalitet på tenesta

Det regionale prosjekt starta opp i 2017, og status på innføring av løysingar i Hallingdal er som følgjer.

| Type enhet                       | SUM  |
|----------------------------------|------|
| Trygghetsalarm                   | 461  |
| Trygghetsalarm lager             | 48   |
| Trygghetsalarm alarmknapp        | 298  |
| Trygghetsalarm alarmknapp lager  | 14   |
| Røykvarsler                      | 12   |
| Røykvarsler lager                | 9    |
| Dørsensor                        | 9    |
| Dørsensor lager                  | 14   |
| GPS (Minifinder Pico)            | 19   |
| GPS (Minifinder Pico) lager      | 9    |
| Medisindispenser (Medido)        | 6    |
| Medisindispenser (Medido) lager  | 5    |
| Digitalt tilsyn (Roommate)       | 1    |
| Digitalt tilsyn (Roommate) lager | 1    |
| Sengesensor                      | 3    |
| Sengesensor lager                | 1    |
| NFC-tag (Settes på av Hepro)     | 89   |
| NFC-tag lager                    | 0    |
| Fallalarm                        | 1    |
| Sengematte                       | 1    |
| Bevegelsessensor                 | 2    |
| Vandrealarm                      | 1    |
| Alarmsnor                        | 1    |
| SUM                              | 1005 |

Erfaringane syner klart at dette ikkje er eit klassisk teknologiprojekt, men ein organisasjonsutvikling med prosessendringar, kommunikasjon og tenestedesign og gevinstplanlegging som sentrale element. Prosjektet handlar med andre ord ikkje berre om å rulle ut teknologiske løysningar, men og sikre forankring, lokalt eigarskap, kommunikasjon, brukarmedverknad, og kompetanseheving for å ta ut maksimal gevinst.

Hemsedal har utfordringar med å ha personalressursar nok til å dra lokale prosessar i dette arbeidet. Dette arbeidet kjem i tillegg til ordinær tenesteproduksjon. Ein er avhengig av deltaking regionalt i prosjektgruppe, men og jobbe på tvers av fagområda innan etat, og på tvers av etatane. Ei vellukka «innføring» vil spare lønnskostnader, og det er venta at gevinstane vert meir synleggjort i slutten av økonomiplanperioden. Gevinstane gjeld sparte kostnader, betre kvalitet og spart tidsressursar. Etterfølgjande samanstilling/ modell er eit forsøk på å syne korleis oppgåvene i prosjektarbeidet går.



Resultat av ei vellukka innføring av planlagt velferdsteknologi i Hemsedal vil etter dagens behov innan Bygdaheimen, heimetenesta, og ressurskrevjande brukarar på sikt utgjere 2-3 årsverk (estimat kr. 1,5 - 2 mill) i årlege kostnader. I økonomiplanen er dette synleggjort med kr. 1 mill i 2024. Sidan auken i behova er stigande vert den økonomiske gevinsten vanskelegar å syne i framlegg til budsjett. Årleg utviklingskostnad (tidskostnader) i organisasjonen kommande 2-3 år vert rekna til kr. 200- 300.000,- / år. Nøkkelpersonar innan fag- og leiarskap må få frigjort tid til å gjennomføre innføring av velferdsteknologi i Hemsedal. Eit viktig suksesskriterium er å sikre ressursar til gode innføringsprosessar slik at ikkje gevinstrealisering av arbeidet vert hindra.

### Sentralskule – 3-1

Målsetnaden med å etablere ei sentralskule har vore å yte betre skulefaglege tenester per innsett krone innan oppvekst, men samstundes redusere kostnadane innan sektoren. Effekten vert spesielt venta innan eigedomsdrift (meir rasjonelle areal å drifte/ kvm bygg), samt sparte lærarkrefter ved at ein kan organisere lærarstaben betre. Som tilstandsrapportar syner har kommunen fleire tilfelle med born som treng spesiell oppfølging – både 1-1 oppfølging eller anna klasseinndeling. Bygningsmassen i dag hindrar skuleeigar i å slå saman klassar, og optimalisere etter krav til pedagogtetttheit. Med fleksibel klasseromstilpasning vil ein kunne sette saman bruken av faglærarar og assistent på ein meir effektiv måte. Tilsvarande vil ein kunne gå frå 3 rektorar til ein, samt kompensere for ein dagleg leiar av SFO. Det bør vere mogeleg å effektivisere innan undervisningsstillingar, assistent og fagarbeidar på SFO – samla årleg kr. 2 mill. Samstundes må ein rekne med noko auka kostnader til skyss.

Det er tilsvarande venta at drift av barnehage etter ombygging vil kunne inneha ei innsparing i høve pedagognorm og eigedomsdrift – mellom anna vert det slutt på leige av barnehagemodul som årleg utgjir rundt kr. 400.000,-.

Å samle 3 skuler til 1 vil krevje god kommunikasjon og prosessleiing i arbeidet med å utvikle eit felles skulemiljø. Ei samling av kompetanse vil styrke føresetnadane for betre ressursbruk, kompetanseutveksling, og trivsel på arbeidsplassen.

## Generelt

Kommunestyret bad i 2019 kommunedirektøren starte ein prosess med mål om å betre driftsresultatet med 6 mill. kroner frå og med 2020. Bakgrunnen for vedtaket var at kommunen to år på rad har nytta disposisjonsfondet for å saldere budsjettet. Gjennom tertialrapport 1 og 2/2020 er det synleggjort at dette arbeidet vanskeleg lot seg gjere i 2020.

Eit høgt framtidig investeringsbehov gjer at det er behov for å ta ein grundig gjennomgang av organisasjonen for å sjå om det er mogeleg å få til ei rimelegare drift. Dette arbeidet vert vidareført i 2021. I planperioden ligg det til grunn ein folketalsvekst, og vekst på tall nye einingar (hytter, bustader) etc. som inneber eit auka forvaltnings- og tenestetilbod. I økonomiplanperioden er det ikkje synleggjort auka kostnader for å serve denne veksten. Det vert lagt til grunn at desse kostnadane inngår som del av den planlagde effektiviseringa av kommunen si drift. Dette kjem i tillegg til eigne definerte effektiviseringstiltak som er konkretisert med innsparingsbeløp i økonomiplanperioden.

## 6 MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

### 6.1 Forvalte og utvikle organisasjonen

Dette kapitlet beskriv korleis ein skal forvalte og utvikla organisasjonen og medarbeidarane. Kommunen sin arbeidsgjevarstrategi er lagt til grunn, i tillegg er nokre sentrale føringar teke med.

#### Status og utfordringar

Arbeidsgjevarstrategien er ikkje behandla politisk etter nytt kommuneval. Hemsedal kommune har mange nye leiarar og det tek tid å bygge ny kultur. Arbeidsmengda i organisasjonen er stor.

Covid-19 situasjonen må handterast fortløpande, noko som til tider er veldig utfordrande og krev mykje ressursar. Covid-19 er ein pandemi og ei ekstraordinær situasjon som dei fleste på ein eller anna måte vil bli påverke av over i lengre tid. Dette fører til ekstra arbeidsoppgåver og ein større arbeidsbelastning enn normalt, og organisasjonen er sårbar. For å redusere slitasjen på dei tilsette, er det nødvendig å nedprioritere arbeidsoppgåver og tilpasse tenestenivået der det er mogleg.

#### Strategiar kommande fireårsperioden prioritere følgande strategiar og tiltak:

- Etikk og samfunnsansvar
- Politikk og administrasjon
- RAUS og helsefremmende arbeidsplass
- Leiing, tilsette og ombodsroller

#### Etikk og samfunnsansvar

Kommunen skal ha høg etisk kompetanse for å stå fram som ein heilskapleg, open, trygg, rettferdig og imøtekommande kommune. Kommunen sin primæroppgåve er å yte gode tenester ovanfor våre innbyggjarar. Auka velstand i samfunnet aukar forventningane til kommunen. Kommunen skal inkludere sosiale og miljømessige omsyn i sin daglege drift, skape gode verdier og ta omsyn til menneske, miljø og samfunnsutvikling.


|    | Beskriving av tiltak                                                                             | 2021 | 2022 | Resultatindikator |
|----|--------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|-------------------|
| 1. | Oppfylle krav i EUs Personvernforordning og følgje opp GDPR (General Data Protection Regulation) | x    | x    | Rapport 31/12     |
| 2. | Legge til rette for inntak av lærlingar og arbeidspraksis.                                       | x    | x    | Arbeidskontrakt   |
| 3. | Rullere og følgje opp kommunen sine etiske retningslinjer.                                       | x    |      | Innan 31/12       |

### Politikk og administrasjon

Det er viktig med god dialog og god samhandling for å oppnå gode resultat. Politikarar og administrasjonen har ulike roller. Samhandling må basere seg på tillit og respekt mellom partane. Samhandling gir gode løysingar, effektivitet, kvalitet og ein utviklande organisasjon.

|    | Beskriving av tiltak                                                                                          | 2021 | 2022 | Resultatindikator              |
|----|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|--------------------------------|
| 1. | Arbeidsgjevarstrategi gjennom folkevaldopplæring og møter for å få ei god forståing av kvarandre sine roller. | x    | x    | Vedtak av strategi innan 31/12 |
| 2. | Forankre «årshjul» som styrer den formelle samhandlinga mellom politikk og administrasjon.                    | x    | x    | Innan 1/3                      |

### Årshjul Hemsedal kommune Samhandling Politikk/Administrasjon



### RAUS og helsefremjande arbeidsplass

Hemsedal kommune skal vere ein endringsvillig og utviklingsorientert, RAUS og helsefremjande organisasjon. I dette legg vi at kommunen skal være ein arbeidsplass der det er gode relasjonar prega av smil, humor, engasjement, trivsel og arbeidsglede. Vi ønskjer eit arbeidsmiljø der vi pratar med kvarandre, har omsorg og gjer kvarandre gode. Vi har felles mål og verdiar, tydelege rammevilkår og gode prosedyrar slik at vi alle kan ta ansvar for å nå felles mål. I tillegg vil vi ha ein helsefremmande arbeidsplass der ein opplever mestring, der det er mogeleg å utvikle seg og der det blir tatt omsyn til forskjellige livsfasar.

|    | Beskriving av tiltak                                                                                                                                                                | 2021 | 2022 | Resultatindikator                   |
|----|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|-------------------------------------|
| 1. | Vidareutvikle det sosiale årshjulet for å skape fellesskap med sosiale aktivitetar som til dømes julebord.                                                                          | x    | x    | Innan 1/3                           |
| 2. | HMS-arbeidet skal ha fokus på risikovurdering av fysisk og psykisk helse, vernerundar og internrevisjon samt følge opp avvik og forbedringspotensiale med tiltak ute i verksemdene. | x    | x    | Rapportering gjennom HMS-dokumenter |
| 3. | Gjennomføring av KS - 10 faktor medarbeidarundersøking.                                                                                                                             | x    |      | Datarapporter. Frist 31/12          |
| 4. | Arbeide for at eigen/sjukemeldt fråvær ikkje skal overstige 6 %.                                                                                                                    | x    |      | Plan for tiltak og implementering   |

### God leiing

Hemsedal kommune sitt overordna mål er at vi gjennom samhandling skal ha ein heilskapleg arbeidsgjevarstrategi som gir positive, trivelege og meningsfylte arbeidstilhøve. Vi skal vere ein nyskapande og open organisasjon, der tilsette gjennom opne prosesser skal medverke og utvikle kvalitative gode tenester. Rulleringsplan på styringsdokument som høyrer inn under personalområdet

| Dokument                                         | Vedtatt | Rullering | Merknad                   |
|--------------------------------------------------|---------|-----------|---------------------------|
| Rutine for medverknad                            | 2019    | 2021      | Årleg                     |
| HMS Hovudbok                                     | 2017    | 2021      | Fortløpande ved endringar |
| Arbeidsreglement                                 | 2006    | 2021      | Arbeid starta i 2020      |
| Arbeidsgjevarstrategi                            | 2008    | 2021      | Ikkje utført i 2020       |
| Rutine for bruk av digital kommunikasjonskanalar | Ny      | 2020      | Under utvikling           |
| Etiske retningslinjer                            | 2008    | 2021      | Ikkje utført i 2020       |
| Permisjonsreglement                              | 2003    | 2021      | Arbeid starta i 2020      |

## 7. BUDSJETT- OG ØKONOMIPLAN

### 7.1 Føresetnader budsjett

#### 7.1.1 Generell informasjon - føresetnader

##### Finansielle måltal:

Den nye kommunelova legg opp til at Kommunestyret skal lage finansielle måltal. Måltala vi har hatt tidlegare i økonomiplansamanheng er at det skal vere balanse i økonomiplanen og årsbudsjettet, dvs. at inntekter skal balansere med utgiftene. Dersom utgiftene er større enn inntektene kan ein balansere med bruk av oppsparte midlar så lenge ein har det. I praksis betyr dette at ein kan bruke av disposisjonsfond for å oppretthalde eit visst nivå på tenestene til ein har brukt opp disposisjonsfondet.

Finansielle måltal vil også bli utarbeidd i økonomireglement og finansreglement.

Det vil vere særskilt vanskeleg å lage positive måltal i Hemsedal ut frå det som er kjent når det gjeld investeringsvilje og ynskt nivå på tenestene pr. i dag.

Kommunestyret vil bli utfordra på måltal som:

- Netto driftsresultat i % av driftsinntektene
- Disposisjonsfond i % av driftsinntektene
- Rentesikringsfond

#### Føresetnader – drift:

Framlegg til budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 bygger på føresetnaden av at den kommunale aktiviteten i Hemsedal kommune frå 2020 skal fortsette med dei prioriteringane som vart gjort i samband med førre økonomiplan og ev. endringar i 2020.

Kommunestyret gjorde i sitt budsjettvedtak K 103/2018 vedtak om at Kommunedirektøren skulle betre driftsresultatet med 6 mill. kroner frå og med 2020. Gjennom tertialrapport 1 og 2/2020 er det synleggjort at dette vanskeleg let seg gjere. Resultatet av koronapandemien 2020 har gjort det vanskeleg å gjennomføre planlagt drift for 2020. Økonomiplanen legg til grunn at kommunen kan få auka utgifter og reduserte inntekter på om lag kr. 3,9 mill. i 2021. Det er forventningar om at staten skal dekke kommunane sine auka utgifter og reduserte inntekter, men utifrå signal frå Fylkesmannen er me usikre på om me kan forvente full inndekking. Administrasjonen har difor lagt til grunn at me får dekkja 80% av meirkostnader og tap. Belastning drift netto kr. 800 000,-

#### Føresetnader løn og pensjonsutgifter:

Løn er rekna ut frå heimelsregister. Stillingar som ikkje er heimla har ikkje budsjett og vil følgeleg føre til meirutgift dersom slik løn blir betalt ut. Dersom det er avvik mellom dei ressursane som den normale tenesta krev og dei heimlane som er gjeve må dette komme som innspel til budsjettprosessen. Nytt av året er at vikarløn og fødsels- og sjukepengerefusjonar er stipulert inn. Det same gjeld vikarutgifter i samband med utdanning, og tilskot knytt til desse. Endringane er gjort i eit ledd for å gjere det enklare for avdelingane å følgje opp rekneskap/budsjett.

Verksemdene stipulerer lønsjustering i sine rammar i 2021. Stipulert lønsoppgjer for resten av økonomiplanperioden er samla på eigen post hjå Kommunedirektøren. Det er lagt til grunn 2% lønsauke ut perioden.

Samla kostnad for pensjonsordningane er berekna til 14,73 % av pensjonsgrunnlaget (inkl. 2 % arbeidstakardel).

Ev. attendebetaling frå premiefond og korreksjon for premieavvik blir ført på eige ansvar.

#### Føresetnader – kjøp av varer og tenester:

Det er i utgangspunktet ikkje gjeve auke i budsjetterte utgifter. Interkommunale tiltak rår administrasjonen ikkje over med mindre Kommunedirektøren sit i styringsgruppa. Det har synt seg å vere utfordrande å effektivisere interkommunal drift. Men det er gjennom eige tiltak definert at det i økonomiplanperioden skal gjennomførast ein innsparing knytt til interkommunale samarbeidstiltak.

#### Føresetnader – innslagspunkt ressurskrevjande brukarar:

Staten har dei seinaste åra auka den kommunale eigenandelen for tenester til ressurskrevjande brukarar.

Frå 2017 har kommunen sin eigenandel auka frå 1.157.000 kroner til 1.430.000 kroner for 2021.

For ein fyskisk utviklingshemma eldre enn 15 år som mottek ein eller annen teneste frå kommunen blir rammetilskotet auka med eit beløp på 774.000 kroner.

Føresetnader rentesats på innlån:

Renter av eksisterande lån er rekna ut frå ei rentesats på 1,2 % p.a. i 2021. Renter av nye lån er rekna ut frå ei rentesats på 1,5 % i 2021, 2,0 % i 2022 og 2,5 % ut planperioden.

Føresetnader avdrag:

Avdrag er rekna ut frå 30 års avdragstid på kommunale innlån.

Føresetnader startlån - Husbanken:

Ordninga med startlån skal bidra til at personar med langvarige problem med å skaffe seg bustadfinansiering kan skaffe seg eigna bustad og behalde denne.

Kommunen er ein viktig aktør for å vurdere behov og ev. gje startlån der lånsøkar ikkje får lån eller tilstrekkeleg lånebeløp i ordinære kredittinstitusjonar. Kommunen har for første gang i 2020 gjeve finansieringsbevis på fullfinansiering.

Basert på aktiviteten i 2020 og saldo unytta lånemidlar ser ikkje administrasjonen at det er behov for opptak av nye lånemidlar i 2021.

Interkommunalt samarbeid:

Generelt vil kostnadene ved interkommunalt samarbeid auke i Hemsedal ettersom Hemsedal sin del av folketalet i Hallingdal aukar, dette er likevel marginalt. Folketalet for Hemsedal utgang 3. kv er 2506 personar.

## Interkommunale samarbeidsavtaler

| Nr. | Beskrivelse                                 | §§§      | B2019             | B2020             | B2021             | Endring kr     | Endring % |
|-----|---------------------------------------------|----------|-------------------|-------------------|-------------------|----------------|-----------|
| 1   | Regionrådet Hallingdal                      | §27      | 357 000           | 370 000           | 421 000           | 51 000         | 13,78 %   |
| 2   | IKT Hallingdal                              | §28      | 5 104 000         | 5 300 000         | 5 523 000         | 223 000        | 4,21 %    |
| 3   | Hallingdal barnevernsteneste – adm.         | §28      | 2 441 000         | 2 597 000         | 2 501 000         | -96 000        | -3,70 %   |
| 4   | Barneverntiltak i familien                  |          |                   | 590 000           | 570 000           | -20 000        | -3,39 %   |
| 5   | Barneverntiltak utenfor familien            |          |                   | 4 100 000         | 3 760 000         | -340 000       | -8,29 %   |
| 6   | NAV Hemsedal og Gol – sosialkontor, adm.    | §28      | 1 691 000         |                   |                   |                |           |
| 7   | Sosialkontortjeneste                        |          |                   | 943 000           | 931 000           | -12 000        | -1,27 %   |
| 8   | Kvalifiseringsordningen                     |          |                   | 300 000           | 370 000           | 70 000         | 23,33 %   |
| 9   | Ytelse til livsopphold                      |          |                   | 900 000           | 900 000           | 0              |           |
| 10  | Ytelse til livsopphold flyktninger          |          |                   | 650 000           | 500 000           | -150 000       |           |
| 11  | Felles innkreivingskontor                   | §27      | 525 000           | 600 000           | 300 000           | -300 000       | -50,00 %  |
| 12  | Legevaktsentral                             |          | 859 000           | 933 000           | 945 000           | 12 000         | 1,29 %    |
| 13  | Intermediæravdeling (IMA)                   |          | 798 000           | 880 000           | 922 000           | 42 000         | 4,77 %    |
| 14  | Hallinghelse                                |          | 306 000           | 442 000           | 479 304           | 37 304         | 8,44 %    |
| 15  | Hallingdal Etablerersenter                  | §27      | 144 000           | 144 000           | 100 000           | -44 000        | -30,56 %  |
| 16  | Miljøretta helsevern                        |          | 113 000           | 113 000           | 113 000           | 0              | 0,00 %    |
| 17  | Hallingdal krisesenter                      | Stifting | 430 000           | 464 000           | 417 481           | -46 519        | -10,03 %  |
| 18  | Hallingdal Renovasjon IKS                   | IKS      | 6 285 000         | 6 401 000         | 7 204 000         | 803 000        | 12,54 %   |
| 19  | Hallingdal Brann- og redningsteneste IKS    | IKS      | 4 200 000         | 4 830 000         | 4 998 000         | 168 000        | 3,48 %    |
| 20  | IKA Kongsberg IKS                           | IKS      | 250 000           | 275 000           | 280 650           | 5 650          | 2,05 %    |
| 21  | PPT og OT Nedre Hallingdal IKS - grunnskole | IKS      | 1 405 000         | 1 234 000         | 1 162 160         | -71 840        | -5,82 %   |
| 22  | PPT og OT Nedre Hallingdal IKS - bhg        |          |                   | 456 000           | 429 840           | -26 160        | -5,74 %   |
| 23  | Kommunerevisjon IKS/ Viken                  | IKS      | 400 000           | 500 000           | 588 000           | 88 000         | 17,60 %   |
| 24  | Kontor for avløpstilsyn og vassforvaltning  | § 28 b   |                   | 366 000           | 375 000           | 9 000          | 2,46 %    |
|     |                                             |          | <b>25 308 000</b> | <b>33 388 000</b> | <b>33 790 435</b> | <b>402 435</b> |           |

1. Beløpet er i tråd med regionrådet si tilråding til Hallingtinget.
- 6-10. Budsjettanslag dagleg leiar NAV – som ligg under Gol kommune som vertskommune
18. Framlegg frå styret
19. Framlegg frå styret
24. Budsjett frå vertskommune ligg ikkje føre enno

### Føresetnader frie inntekter:

Kommunedirektøren legg til grunn for dei frie inntektene informasjon frå Fylkesmannen i Viken (tilsvarande Grønt hefte frå Regjeringa) og KS sin prognosemodell.

### Eigarskap og bruk av Hemsedal Aktivitetsanlegg AS

Hemsedal har mangla eit samlande organ som kunne gjennomføre infrastrukturinvesteringar innan aktivitetar, og anlegg. Mellom anna viste destinasjonen si satsing på masterplan for sykkel eit slikt behov. Dette var bakgrunnen for at kommunen, saman med Hemsedal Idrettslag og Hemsedal Turisttrafikklag etablerte selskapet.

|                                    |                  |
|------------------------------------|------------------|
| 33 % Hemsedal IL aksjekapital      | kr 9.900         |
| 33 % Hemsedal kommune aksjekapital | kr 9.900         |
| 34 % HTTL aksjekapital             | <u>kr 10.200</u> |
| 100 % Total aksjekapital           | <u>kr 30.000</u> |

Selskapet er registrert i frivilligregistret og vil soleis kunne søkje om mva kompensasjon på line med Hemsedal Idrettslag. Organisasjonen kan også søkje alle andre stiftingar og investorar om gåver og tilskot til ulike prosjekt.

Jfr. K-sak 27/20 har Hemsedal kommune støtta opp under masterplan for terrengsykkel der kommunen både har løyvd kr. 2 mill. i tilskot, samt stilt ein driftsgaranti på mellom kr. 90.000 - 250.000,- årleg over 5 år. I tillegg har kommunen forskottert kr. 6,3 mill. i spelemidlar.

Selskapet har ingen tilsette, og frå kommunen er det valt 2 politisk oppnemnde personar i styret. Desse er Andreas Smith- Erichsen (H) og Marit Foss (HBL). Selskapet har ikkje fremja nokon forslag til nye tiltak 2021, men har fremja underlag til 2 nye søknadar om tilskot og spelemidlar – begge vedkjem raud og grøn sykkelstig i Skiheisområdet. I søknadane vert det føresett eit kommunalt bidrag på kr. 2,8 mill. til raud flytstig, og kr. 592.000,- til grøn flytstig. Økonomiplan legg ikkje opp til kommunalt tilskot til disse tiltaka.

Hemsedal kommune har og vorte utfordra til finansiering/ ansvar for desse tiltaka;

- Ny Solstad bru – grunneigarinitiativ – samarbeid HUS – kommunalt bidrag – eigarskap/ drift ?
- Ny hengebru Ulsåk – flyttast frå Fosshim ?
- K-styrevedtak 60/20 - Spørsmål om fleirbrukshall/ badeanlegg og mogeleg realisering. Dersom kommunestyret avsett midlar til eit forprosjekt for fleirbrukshall/ badeanlegg, vil Hemsedal kommune utfordre HAAS til å jobbe med å identifisere mogeleg finansiering av desse tiltaka ved hjelp av tilskot frå til eks. stiftelsar, lag og organisasjonar.
- Arbeid med realisering av sentralskula kan innebere tiltak kva gjeld leikeområdet som betongpark

Det er ikkje funne midlar til aktuelle tiltak grunna den økonomiske situasjon. Kommunestyret har allereie kjøpt bru over til Bruøyne – realisering av dette ligg som nytt tiltak i økonomiplan – sjå eige investeringstiltak.

#### Føresetnader utbytte frå Hemsedal Energi AS:

Det er lagt inn utbytte frå Hemsedal Energi AS på 5,8 mill. kroner etter førebelse tal på omsetning i 2020. Budsjett for 2020 var satt til 10 mill. kroner.

Utbytte tilsvarar det som tidlegare var ei overføring for sal av kommunen si andelskraft og konsesjonskraft. Kommunen har kraftrettar tilsvarande (2019):

Konsesjonskraft ≈ 34,9 GWh  
Andelskraft ≈ 17,5 GWh

#### Føresetnader eigedomsskatt:

Innovasjonsprosesser innan oppvekst spesielt kva gjeld skulestruktur frå 3 til 1, samt innføring av velferdsteknologi innan helse- og omsorg er store og tunge prosesser som er godt i gang. Dette er prosesser som har tydeleg potensiale for gevinstrealisering i åra som kjem. Prosessane gjeld dei 2 største etatane med rundt 80% av lønnsmassen. Resultatet av desse prosessane vil vere vanskeleg å kvantifisere i kommande økonomiplanperiode utan å stadfeste at dei er sett i gang. Det er gjort forsiktige anslag. Handlingsplanen syner samstundes klare måleindikatorar. Parallelt kjem innføring av nye statlege oppgåver slik som ny barnevernsreform frå 2022 der det vert venta at kommunen tek eit større økonomisk og fagleg ansvar.

Oppstart og gjennomføring av ekstraordinære prosesser for å betre driftsresultatet for 2020 har spesielt vore vanskeleg grunna koronapandemien. Økonomiplan 2021-2024 legg difor til grunn ei ekstraordinær driftsauke basert på erfaringane frå 2020.

I K-sak 86/20 vart det gjort vedtak om 7 promille for næring, kraft/ verk og bruk. I tillegg kjem 1 promille på bustad og fritid. Dette innebar ei inntektsauke på om lag kr. 10 mill i høve budsjett for 2020. Den positive

veksten i gjestedøgn, tall hytter/ fritidseiningar inneber og eit auka press på servicetenestar innan helse og omsorg, men og auka servicebehov generelt. Kommunestyret sitt ønskje om å opne opp for meir fast busetnad i fritidseiningane er og døme på ei brukargruppe som vil etterspørje kommunal service. UMS-teljingar stadfester langt på veg at folketalet i periodar vert meir enn 10- dubla. Det som er urovekkande er at **inntektssystemet ikkje fangar opp at Hemsedal er ein vekstkommune med store sesongsvingingar med behov for å tilpasse drifta etter maks belastning**. Ein kan liste opp nokre døme som syner slike meiroppgåver;

- Etterslep på vegvedlikehald, skilting, trafikktryggleikstiltak, kryssingspunkt skiløyper, nye g/s-veg
- Auka etterspurnad etter kontroll/- tilsyn innan miljø, plan- og byggesak (senger i næring, forsøpling, forureiningssaker)
- Generell forvaltningsservice via tenestetorg, facebook o.l
- Skalering av helse- og omsorgstenester som yter tenester til hyttefolk
- Kompetanse og tidsressursar til klagehandsaming, nabomerknader, laushundproblematikk

Ei deling av infrastrukturinvesteringar med næringa gjennom HIAS-avtala er naudsynt, men inntektssystemet fangar likevel ikkje opp følgjekostnader på drift. Det er lenge sidan kommunen skulle overta drifta av Lauparvegen jfr. utbyggingsavtale. Tilsvarende forventningar til overtaking kjem på Totteskogvegen, overtaking av veganlegg i Fridalen Bustadfelt (BU7), og Brøtabakkjin berre for å nemne døme på driftskonsekvensar ein ikkje tenker på (gatelys, brøyting, vedlikehald). Vidare kjem forventningar om at kommunen må ta ei leiarrolle innan ulike sentrumsutviklingstiltak. Lista over tiltak er lang, anten det er off. parkeringsanlegg, bruer, off. toalettanlegg, eller drift av grøntanlegg. Kommunen nyttar mellom anna deler av eigedomsskatten til å støtte HUS (løypekøyting, sommarprosjekt med vedlikehald av stiger, utmarksoppsyn) og til kjøp av vertskapstenester frå HTTL.

Det er forventningar om at kommunen skal følgje opp næringa si satsing innan sti, sykkel og langrenn – ei satsing som og inneber ei rekkje nye forvaltningsoppgåver til beste for både næring og fritidsbrukarar. Mange av desse tiltaka har i mindre grad direkte med kommunal tenesteproduksjon å gjere, men er ein konsekvens av nærings- og samfunnsutviklinga i bygda. At eigedomsskatten dekkjer noko av desse driftskostnadane er nødvendig, men og naturleg. Dette kjem i tillegg til eigedomsskatten si finansiering av finanskostnader.

I økonomiplanperioden er det lagt til grunn at kommunen må nytte det økonomiske handlingsrommet det vart opna for då kommunen vedtok å innføre allmenn eigedomsskatt.

Kommunen står føre investeringar på om lag kr 300 millionar i økonomiplanperioden. Eigedomsskatten må difor nyttast til å dekke finanskostnader knytt til investering.

Det er lagt opp til at deler av eigedomsskatten må finansiere ordinær aktiviteten knytt til administrasjon, plan og utvikling i driftsbudsjettet. Gitt kapasiteten pr. i dag er det ikkje tilrådeleg å ta ned aktiviteten når ein samstundes skal møte dei politiske forventningane til tenesteomfang og kvalitet, samt møte planlagt vekstsambisjonar i vedteken samfunnsdel. Driftsnivået inneber at Hemsedal kan vidareføre aktiviteten som ein vekstkommune, - med store sesongsvingingar, vere ein aktiv vertskommune, og vidare sikre at t.d. etterslep på vegvedlikehald, trafikktryggingstiltak, og overtaking av vegar er teke økonomisk høgd for.

Framlegg til budsjett/økonomiplan innber at eigedomsskatten på fritid/bustad vert trappa opp til 2 promille i 2021. Vidare ut i perioden er det synt ein opptrapping for å saldere budsjett. Eigedomsskatt på næring er foreslått vidareført med 7 promille i økonomiplanperioden.

Eigedomsskatten vil for ein gjennomsnittleg bustad, med 2 promille, vere kr. 4313 i år 2021. Same tal for fritidseigedom vert kr. 4551. På evt. maks nivå i 2024 vert snittpris pr. bustad kr. 8 626 i året. Skatt for ein gjennomsnittleg fritidsbustad vil tilsvarande ligge på kr. 9 102 i året.

Korrigeringar gjennomført etter økonomiutvalet sitt vedtak 24.11.20 (i hovudsak nedtak av investeringsplan og justert forventna rentenivå) medfører at handlingsrommet utover i perioden er større enn først vurdert. Det inneber at det er rom for nærare vurdering av profil på utvikling i eigedomsskatten utover i økonomiplanperioden.

I kommunestyret sitt vedtak 17.12.20 er det føresett at administrasjonen skal sjå nærare på det juridiske grunnlaget, og moglegheiter for fastsetting av nye retningslinjer og retaksering av eigedomar i 2021.

#### Føresetnader – busetting av flyktningar:

Kommunedirektøren har i perioden 2021 – 2024 lagt til grunn at det blir busett ti flyktningar i 2021 og seks flyktningar kvart år ut planperiode. Dette gjev inntekt i form av integreringstilskot, men samstundes også plikt til å tilby introduksjonsprogram til dei vaksne og skuletilbod til dei yngre.

#### Føresetnader - bruk av disposisjonsfond:

I framlegg til økonomiplan er det ikkje lagt inn bruk av disposisjonsfond.

Disposisjonsfond kan elles bli brukt til å finansiere drifta, men det vert ikkje lagt opp til ein gjer det for å finansiere vedvarande høgare driftsnivå enn kva inntektene tilseier. Disposisjonsfondet er på om lag kr 48 mill. kroner pr. d.d.

#### Budsjettdirektiv:

Kommunedirektøren sendte 01.06.2020 ut budsjettdirektiv til leiargruppa. Gjennom budsjettdirektivet sette kommunedirektøren fokus på å skaffe kommunen handlingsrom til å gjennomføre ønska investeringar. Dette arbeidet har vore tema gjennom heile 2020, men resultatet er sterkt påverka av koronapandemien.

Nye driftstiltak og behov skal i utgangspunktet dekkast innan eigne rammar. Kommunedirektøren bad også leiarane finne heile og konkrete innsparingstiltak på 3,0 % av driftsutgiftene innan sitt område.

### 7.1.2 Kjøp av varer og tenester inkl. interkommunale tiltak

Det er fleire år sidan dei kommunale tenestene vart kompensert for prisauke. Dette vart sett på som innsparingstiltak i seg sjølv. Dette er i hovudsak vidareført i budsjett 2021. På eit eller anna tidspunkt vil vi komme til eit brytningspunkt for kor mykje vi kan spare inn på denne måten.

#### Interkommunale tiltak:

Når det gjeld interkommunalt samarbeid er dette ofte lausreve frå kommunen si eige budsjettering. Hemsedal har gjennom åra fått fleire innbyggjarar samstundes som fleire av dei andre kommunane har fått færre innbyggjarar.

Med fordelingsnøkkel som gjeld for det interkommunale samarbeidet pr. i dag – fordeling etter folketal – vil det bety at Hemsedal sin del av dei totale kostnadene aukar. Dette er sjølv sagt. Det er likevel betre med ei auke i folketalet enn det motsette, sjølv om det fører til noko høgare kostnader også for det interkommunale samarbeidet.

Det er viktig å vite at når det gjeld sosialutbetalingar og barnevern, så er dette budsjettert ut frå det vi veit pr. i dag. Eit barn ekstra som ev. vert teke over av barnevernet vil bety store konsekvensar for både kostnadene til barnevern, men også for kostnadene til skulene.

Rådmannsutvalet utarbeidde eige budsjettdirektiv for interkommunale tiltak der det vart lagt opp til ei kostnadsreduksjon på 3 %, samt at effektivisering skulle vere eit eige pkt. i budsjett. Forslaget fekk si tilslutnad i Hallingtinget som sak 4/20.

Arbeidet med innsparingar har truleg vorte nedprioritert som fylgje av alt arbeidet med koronapandemien.

### 7.1.3 Inntektsauke

Det blir gjort ei løpande vurdering av inntektene på dei forskjellige områda. I mange høve vert inntektene korrigert ut frå det som er brukar-grunnlaget i rekneskapsåret. Brukarbetaling vert normalt auka med 1-3 % kvart år. Inntektsauka blir lagt inn i økonomiplanen.

Dei store inntektene er uansett skatt- og rammetilskot som langt på veg blir bestemt av staten. Framskriving er basert på KS- prognosetall. Eventuelt tap vert noko dempa av INGAR (inntektsgarantiordning), som gjeld rammeoverføringane, men ikkje skatteinntektene.

Når det gjeld eigedomsskatt og gebyr (VAR) er det lagt til grunn ei auke basert på ca. 1000 nye einingar (fritidseiningar/bustader) i planperioden. Dette basert på faktiske utbyggingsplanar.

## 7.2 Økonomiske hovedoversikter

### Økonomisk oversikt drift

| Hemsedal kommune (NOK 1000)                                   | Regnskap<br>2019 | Budsjett<br>2020 | Budsjett<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Budsjett<br>2023 | Budsjett<br>2024 |
|---------------------------------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| <b>Driftsinntekter</b>                                        |                  |                  |                  |                  |                  |                  |
| Rammetilskudd                                                 | 70 605           | 82 218           | 78 578           | 74 429           | 73 835           | 74 678           |
| Inntekts- og formuesskatt                                     | 89 794           | 87 024           | 92 902           | 92 930           | 93 702           | 94 443           |
| Eiendomsskatt                                                 | 5 326            | 12 200           | 30 445           | 41 272           | 47 771           | 55 176           |
| Andre skatteinntekter                                         | 3 084            | 3 000            | 3 000            | 3 000            | 3 000            | 3 000            |
| Andre overføringer og tilskudd fra staten                     | 9 519            | 7 143            | 4 965            | 4 050            | 4 000            | 3 950            |
| Overføringer og tilskudd fra andre                            | 33 542           | 16 360           | 31 590           | 29 847           | 29 774           | 29 821           |
| Brukerbetalinger                                              | 10 164           | 9 578            | 10 106           | 10 181           | 10 257           | 10 335           |
| Salgs- og leieinntekter                                       | 38 891           | 35 528           | 32 987           | 34 375           | 36 094           | 37 976           |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                                    | <b>260 924</b>   | <b>253 051</b>   | <b>284 572</b>   | <b>290 084</b>   | <b>298 433</b>   | <b>309 378</b>   |
| <b>Driftsutgifter</b>                                         |                  |                  |                  |                  |                  |                  |
| Lønnsutgifter                                                 | 135 771          | 128 451          | 136 482          | 137 313          | 138 354          | 139 498          |
| Sosiale utgifter                                              | 30 546           | 35 153           | 36 969           | 37 711           | 38 023           | 38 939           |
| Kjøp av varer og tjenester                                    | 78 406           | 75 483           | 90 857           | 87 807           | 88 157           | 89 283           |
| Overføringer og tilskudd til andre                            | 14 238           | 12 893           | 10 910           | 10 422           | 10 480           | 10 715           |
| Avskrivninger                                                 | 12 000           | 10 614           | 14 178           | 14 178           | 14 178           | 14 178           |
| <b>Sum driftsutgifter</b>                                     | <b>270 963</b>   | <b>262 594</b>   | <b>289 396</b>   | <b>287 430</b>   | <b>289 191</b>   | <b>292 612</b>   |
| <b>Brutto driftsresultat</b>                                  | <b>-10 039</b>   | <b>-9 543</b>    | <b>-4 824</b>    | <b>2 654</b>     | <b>9 242</b>     | <b>16 766</b>    |
| <b>Finansinntekter</b>                                        |                  |                  |                  |                  |                  |                  |
| Renteinntekter                                                | 2 396            | 1 320            | 1 320            | 1 320            | 1 320            | 1 320            |
| Utbytter                                                      | 13 135           | 10 150           | 5 779            | 8 000            | 8 000            | 8 000            |
| Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler                  | -                | -                | -                | -                | -                | -                |
| Renteutgifter                                                 | 3 823            | 4 794            | 3 890            | 6 210            | 8 230            | 10 020           |
| Avdrag på lån                                                 | 8 207            | 9 540            | 11 730           | 16 280           | 19 060           | 21 040           |
| <b>Netto finansutgifter</b>                                   | <b>3 501</b>     | <b>-2 864</b>    | <b>-8 521</b>    | <b>-13 170</b>   | <b>-17 970</b>   | <b>-21 740</b>   |
| Motpost avskrivninger                                         | 12 000           | 10 614           | 14 178           | 14 178           | 14 178           | 14 178           |
| <b>Netto driftsresultat</b>                                   | <b>5 462</b>     | <b>-1 793</b>    | <b>833</b>       | <b>3 661</b>     | <b>5 450</b>     | <b>9 204</b>     |
| <i>Netto driftsmargin</i>                                     |                  |                  | <i>0,3 %</i>     | <i>1,3 %</i>     | <i>1,8 %</i>     | <i>3,0 %</i>     |
| <b>Netto driftsresultat korr. for sjølkost - bruk av fond</b> |                  |                  | <b>3 145</b>     | <b>6 813</b>     | <b>8 040</b>     | <b>11 817</b>    |
| <i>Netto driftsmargin</i>                                     |                  |                  | <i>1,1 %</i>     | <i>2,3 %</i>     | <i>2,7 %</i>     | <i>3,8 %</i>     |
| Disp. eller dekning av netto driftsresultat:                  |                  |                  |                  |                  |                  |                  |
| Overføring til investering                                    | -10              | -                | -                | -                | -                | -                |
| Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond                | -3 085           | -60              | 2 252            | 3 092            | 2 530            | 2 553            |
| <b>Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond</b>          | <b>1 719</b>     | <b>-8 236</b>    | <b>-3 085</b>    | <b>-6 753</b>    | <b>-7 980</b>    | <b>-11 757</b>   |
| Bruk av tidligere års mindreforbruk                           | 5 927            | 10 089           |                  |                  |                  |                  |
| Dekning av tidligere års merforbruk                           | -                | -                | -                | -                | -                | -                |
| Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat               | 4 551            | 1 793            | -833             | -3 661           | -5 450           | -9 204           |
| <b>Fremført til inndeckn. i senere år (merforbruk)</b>        | <b>-10 089</b>   | <b>-</b>         | <b>-</b>         | <b>-</b>         | <b>-</b>         | <b>-</b>         |

Sjølvkostområdet belastar drifta i perioden negativt. Meirforbruket finansierast ved bruk av bunde fond frå tidelegare periodar med underforbruk. Drifta utjamnast løypande over periodar på fem år. For å synleggjere resultatet av ordinær drift er Netto driftsresultat korrigert på eiga linje med bruk av bunde sjølvkostfond i planperioden. (I tidelegare år har sjølvkostinntektene vorte justert for å eliminere effekten på ordinær drift.)

### 7.2.1 Kostnader knytt til virusutbrotet

Kostnader knytt til virusutbrotet belastar drifta netto med 1,1 mill. med eit tilskot på 3,1 mill. (80 % av kostnadane.) Ein situasjon tilnærma dagens ligg til grunn for tala. Ved auke i smitte vil kostnadene auke ytterligare. Det er knyta stor uvissheit til tilskotet.

| <b>Prosjekt 439 Korona (NOK 1000)</b>                        | <b>2020 - hiå</b> | <b>B2020</b> | <b>B2021</b> |
|--------------------------------------------------------------|-------------------|--------------|--------------|
| LØNN OG SOSIALE KOSTNADER                                    | 2 344             | 1 402        | 2 144        |
| KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUKSJON | 1 445             | 761          | 1 277        |
| KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON      | 753               | -            | 600          |
| OVERFØRINGSUTGIFTER                                          | 913               | 169          | -            |
| SALGSINNTEKTER                                               | -                 | -            | 151          |
| REFUSJONER                                                   | -493              | -169         | 52           |
| OVERFØRINGSINNTEKTER                                         | -3 620            | -2 778       | -3 139       |
| <b>Sum prosjekt 439 Corona</b>                               | <b>1 342</b>      | <b>-615</b>  | <b>1 085</b> |

### 7.2.2 Budsjett pr område

Avsetningar til lønnsoppgjer belastar sentraladministrasjonen med kr 2,9 mill. i 2022, kr 5,9 mill. i 2023 og kr 8,9 mill. i 2024.

| <b>Områder (NOK 1 mill.)</b> | <b>År 2021</b> | <b>År 2022</b> | <b>År 2023</b> | <b>År 2024</b> |
|------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Sentraladministrasjon        | 24,4           | 26,3           | 29,4           | 32,8           |
| Kultur og oppvekst           | 69,6           | 69,4           | 66,7           | 66,5           |
| Helse og omsorg              | 74,9           | 73,5           | 73,9           | 73,2           |
| Teknisk                      | 26,3           | 23,4           | 23,3           | 22,2           |
| Finans - annet               | -195,1         | -192,7         | -193,3         | -194,7         |

## Bevilgningsoversikt investering

| Bevilgningsoversikt - investering (NOK 1000)   | Regnskap<br>2019 | Budsjett<br>2020 | Budsjett<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Budsjett<br>2023 | Budsjett<br>2024 |
|------------------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Investeringer i varige driftsmidler            | 28 644           | 55 977           | 194 805          | 152 931          | 76 139           | 101 523          |
| Tilskudd til andres investeringer              | -                | 3 500            | 3 500            | -                | -                | -                |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper  | 729              | 580              | 585              | 585              | 585              | 585              |
| Utlån av egne midler                           | 1 310            | 6 300            | 1 780            | -                | -                | -                |
| Avdrag på lån                                  | 457              | -                | -                | -                | -                | -                |
| <b>Sum investeringsutgifter</b>                | <b>31 140</b>    | <b>66 357</b>    | <b>200 670</b>   | <b>153 516</b>   | <b>76 724</b>    | <b>102 108</b>   |
| Kompensasjon for merverdiavgift                | 3 712            | 3 135            | 26 558           | 24 875           | 11 685           | 18 119           |
| Tilskudd fra andre                             | 1 834            | -                | 678              | 12 572           | 300              | 19 730           |
| Salg av varige driftsmidler                    | 15 185           | 8 080            | 7 630            | 6 685            | 2 500            | 2 500            |
| Salg av finansielle anleggsmidler              | -                | -                | -                | -                | -                | -                |
| Utdeling fra selskaper                         | -                | -                | -                | -                | -                | -                |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler        | 988              | -                | -                | -                | -                | -                |
| Bruk av lån                                    | 17 736           | 32 699           | 163 439          | 108 799          | 57 654           | 61 175           |
| <b>Sum investeringsinntekter</b>               | <b>39 455</b>    | <b>43 914</b>    | <b>198 305</b>   | <b>152 931</b>   | <b>72 139</b>    | <b>101 523</b>   |
| Videreutlån                                    | -                | 4 000            | 3 000            | 3 000            | 3 000            | 3 000            |
| Bruk av lån til videreutlån                    | -                | 4 000            | 3 000            | 3 000            | 3 000            | 3 000            |
| Avdrag på lån til videreutlån                  | -                | 420              | 690              | 690              | 690              | 690              |
| Mottatte avdrag på videreutlån                 | -                | 420              | 690              | 690              | 690              | 690              |
| <b>Netto utgifter videreutlån</b>              | <b>-</b>         | <b>-</b>         | <b>-</b>         | <b>-</b>         | <b>-</b>         | <b>-</b>         |
| Overføring fra drift                           | 10               | -                | -                | -                | -                | -                |
| Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond   | -540             | -                | -2 758           | -3 758           | 242              | -3 758           |
| Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond  | 1 990            | 22 443           | 2 365            | 585              | 585              | 585              |
| Dekning av tidligere års udekket beløp         | -                | -                | -                | -                | -                | -                |
| Sum overføring fra drift og netto avsetn.      | 1 460            | 22 443           | -393             | -3 173           | 827              | -3 173           |
| Fremført til inndekn. i senere år(udekket bel) | -                | -                | -                | -                | -                | -                |

## 7.3 Nye satsingar og kostnadsreducerande tiltak drift

Følgjande nye satsingane ligg i handlings- og økonomiplanen:

| Driftstiltak                                                            | År 2021          | År 2022          | År 2023          | År 2024          | Totalt            |
|-------------------------------------------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|-------------------|
| Læremidlar til elevane                                                  | 303 000          | 154 500          | 77 000           | -                | 534 500           |
| Lærlingar til oppvekst - Ulsåk og Tuv bhg                               | 296 922          | 296 922          | 296 922          | 296 922          | 1 187 688         |
| LOS - HBU                                                               | 187 500          | 187 500          | 187 500          | -                | 562 500           |
| Skulebiblioteket                                                        | 20 000           | 20 000           | 20 000           | 20 000           | 80 000            |
| Tuv skule, oppvekst og omsorg, barn med spesielle behov                 | 546 673          | 815 263          | 815 263          | 815 263          | 2 992 462         |
| Ulsåk skule - auke pedagogtetheit                                       | 587 204          | 587 204          | -                | -                | 1 174 408         |
| Drift og forvaltning av Nødnett                                         | 54 467           | 54 081           | 53 518           | 49 178           | 211 244           |
| Dagtilbud til personer med demens                                       | 633 738          | 633 738          | 950 607          | 950 607          | 3 168 690         |
| Nattevakt Hjemmesykepleie                                               | 1 290 000        | 1 290 000        | 1 290 000        | 1 290 000        | 5 160 000         |
| Auke administrasjonstid Bråtenjordet                                    | 88 723           | 88 723           | 88 723           | 88 723           | 354 892           |
| Renholdsmateriell                                                       | 100 000          | 100 000          | 100 000          | 100 000          | 400 000           |
| Vaktmester                                                              | -                | 285 676          | 561 352          | 561 352          | 1 408 380         |
| Vaktordning - Vaktmester                                                | 100 000          | 100 000          | 100 000          | 100 000          | 400 000           |
| Renholdsledelse - administrasjon                                        | 38 025           | 75 800           | 75 800           | 75 800           | 265 425           |
| Trafikktryggingstiltak - Ulsåk oppvekstsenter                           | 300 000          | -                | -                | -                | 300 000           |
| Forsterking og asfaltering GS-veg Skeievegen og idrettsplassen (KV1020) | 115 000          | -                | -                | -                | 115 000           |
| Forsterking og asfaltering veien inn til brannstasjonen (KV-1)          | -                | 170 000          | -                | -                | 170 000           |
| Tuv bhg, 40% fagarbeidar                                                | 214 076          | 214 076          | 214 076          | 214 076          | 856 304           |
| Overtaking kjøreveg Brøtabakkjin                                        | 28 000           | 56 000           | 56 000           | 56 000           | 196 000           |
| Grøfting og grusing Liøvegen                                            | 300 000          | -                | -                | -                | 300 000           |
| Grøfting og grusing -Panoramavegen                                      | 280 000          | 80 000           | 80 000           | 80 000           | 520 000           |
| Vedlikehold av bruer                                                    | -                | 150 000          | -                | 150 000          | 300 000           |
| <b>Sum driftstiltak</b>                                                 | <b>5 483 328</b> | <b>5 359 483</b> | <b>4 966 761</b> | <b>4 847 921</b> | <b>20 657 493</b> |

I tillegg er følgjande prosjekt direkte innarbeidd i budsjettet: Sommararrangement i regi av psykiske helse (F.sak 59/20), Prosjekt 415 Tilskot til grøn flytsti (K.sak 132/20), og Prosjekt 439 Tilskot til prosjekt "Hemsedal med sikkerhet i fokus" (K.sak 145/20).

Følgjande nye kostnadsreducerande tiltak ligg i handlings- og økonomiplanen:

| Innsparingstiltak                                                        | År 2021         | År 2022         | År 2023           | År 2024           | Totalt            |
|--------------------------------------------------------------------------|-----------------|-----------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Effektivisering kommunal og interkommunal drift                          | -               | -400 000        | -600 000          | -                 | -1 000 000        |
| Reduserte lønnskostn. v/sentralisering av skule og sfo / auka skysskostn | -               | -               | -1 850 000        | -1 850 000        | -3 700 000        |
| Innsparing av 22% stilling ved reduksjon av undervisningstimetallet      | -45 545         | -109 307        | -109 307          | -109 307          | -373 466          |
| Vakans - arealplanlegger 50 %                                            | -300 000        | -               | -                 | -                 | -300 000          |
| Vakans - fødselspermisjon fagkonsulent landbruk                          | -350 000        | -               | -                 | -                 | -350 000          |
| <b>Sum innsparingstiltak</b>                                             | <b>-695 545</b> | <b>-509 307</b> | <b>-2 559 307</b> | <b>-1 959 307</b> | <b>-5 723 466</b> |

I tillegg er det berekna innsparing på 1 mill. i 2024 som fylgje av investering i velferdsteknologi.

## 7.4 Investeringar 2021 – 2024

Pr. 1.1.2020 har Hemsedal kommune lånegjeld på kr 188 millionar. Det gjer ein gjeldsgrad for 2019 på 72 %.

Det er lagt opp til investeringar (inkl. sjølvkost) på kr 171,1 mill. i 2021, kr 115,5 mill. i 2022, kr 60,2 mill. i 2023 og kr 63,7 mill. i 2024. Sal av tomter og eigedom bidrar med 19,3 mill. i finansiering. Samla investering i planperioden gjer såleis ei auke i gjeld på over kr 390 mill.

| Investeringstiltak                                        | År 2021            | År 2022           | År 2023           | År 2024           |
|-----------------------------------------------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Grunnkjøp Øya, Krikken, Gravset, Tuv, Kyrkjebønøsvegen    | 16 200 000         | -                 | -                 | -                 |
| Geovekstavtale - kartinvesteringar                        | 170 000            | -                 | -                 | -                 |
| Rehabiliteringsmidlar jf. FDV dokument                    | 1 000 000          | 1 000 000         | 1 000 000         | 1 000 000         |
| Kjøp/ innløyising av leasingbil                           | 300 000            | -                 | 200 000           | -                 |
| Kjøp av grasklyppar                                       | 116 000            | -                 | -                 | 116 000           |
| Trafikktryggleikstiltak - utbedre bussholdeplass Svø      | 2 500 000          | -                 | -                 | -                 |
| Opparbeide GS-veg langs Kyrkjebønøsvegen                  | -                  | 200 000           | 1 140 000         | -                 |
| Parkeringsareal Tuv oppvekstsenter                        | 200 000            | 2 000 000         | -                 | -                 |
| Veglys - utskifting av kvikksølvdamppærer med LED         | 350 000            | 350 000           | 350 000           | 350 000           |
| Forsterkning og asfaltering Haugavegen                    | 465 000            | -                 | -                 | -                 |
| Gangbru Bruøyne                                           | 2 500 000          | -                 | -                 | -                 |
| Forsterkning og asfaltaring GS-veg Hugnadheim-FV (KV1019) | 150 000            | -                 | -                 | -                 |
| Nødstrømsaggregat                                         | -                  | -                 | 800 000           | -                 |
| Røntgenapparat                                            | 250 000            | -                 | -                 | -                 |
| Velferdsteknologi, felles prosjektleder                   | 100 000            | 200 000           | 200 000           | 200 000           |
| Oppgraderinga av Bråtenjordet                             | -                  | 950 000           | 950 000           | -                 |
| Oppgradering lensmannskontor                              | 150 000            | -                 | -                 | -                 |
| Omsorgsbygg for yngre v/ Bråtenjordet                     | 20 000 000         | 9 700 000         | -                 | -                 |
| Sentralskulen - sentralisering 1-4.trinn                  | 75 000 000         | 73 000 000        | -                 | -                 |
| Omsorgsbygg for eldre ved Bygdaheimen                     | -                  | -                 | 38 000 000        | 23 000 000        |
| Utviding av Bygdaheimen                                   | -                  | -                 | -                 | 16 770 000        |
| Ombygging av Ulsåk skule til barnehage                    | -                  | -                 | -                 | 11 506 000        |
| Spir, tårn og urnelund Hemsedal kyrkje, tak Lykkja kapell | 3 500 000          | -                 | -                 | -                 |
| Kjøp og innføring av Ipad på 1.-4. trinn                  | 205 900            | 92 300            | 106 500           | 106 500           |
| Investering i PC for HBU                                  | 422 100            | 403 200           | 157 500           | 126 000           |
| <i>Tilskot digitale verktøy grunnskolen</i>               | <i>-628 000</i>    | <i>-272 000</i>   |                   |                   |
| Budsjett- og rapporteringsverktøy                         | -                  | 200 000           | -                 | -                 |
| <b>Sum investeringstiltak eks. sjølvkost</b>              | <b>122 951 000</b> | <b>87 823 500</b> | <b>42 904 000</b> | <b>53 174 500</b> |

| <b>Investeringstiltak sjølvkost</b>                              | <b>År 2021</b>     | <b>År 2022</b>     | <b>År 2023</b>    | <b>År 2024</b>    |
|------------------------------------------------------------------|--------------------|--------------------|-------------------|-------------------|
| Ny driftskontroll for kommunale VA-anlegg                        | 3 000 000          | 1 200 000          | -                 | -                 |
| Nytt vannverk på Krikken                                         | 12 430 000         | 12 460 000         | 11 150 000        | -                 |
| VA-ledning Holdebakken-Tuv                                       | 12 000 000         | 12 000 000         | -                 | -                 |
| Rehabilitering av kummer                                         | -                  | 600 000            | -                 | 600 000           |
| Utviding av returpunkt                                           | 3 000 000          | 1 000 000          | 1 000 000         | 1 000 000         |
